

# Kartlegging av naturtypar i Eide kommune



**Rapport J. B. Jordal  
nr. 4-2005**

Utførande konsulent: Biolog John Bjarne Jordal 6610 Øksendal	Kontaktperson/prosjektansvarleg: John Bjarne Jordal epost: john.bjarne.jordal@c2i.net	Medarbeidar:										
Oppdragsgjevar: Eide kommune v/Gunnar Lindseth, 6490 Eide, tlf. 71 29 91 00	ISBN-nummer:  82-92647-05-8	År:  2005										
<p><b>Referanse:</b> Jordal, J. B. 2005: Kartlegging av naturtypar i Eide kommune. Rapport J. B. Jordal nr. 4-2005. 66 s. + kart. ISBN 82-92647-05-8.</p>												
<p><b>Referat:</b> Det er utført kartlegging av prioriterte naturtypar, raudlisteartar i Eide kommune etter ein fastsett, nasjonal metodikk. Det er avgrensa og skildra 43 naturtypelokalitetar frå hovudnaturtypane havstrand/kyst, kulturlandskap, myr, ferskvatn/våtmark, skog, berg/rasmark og fjell. Fleirtalet av desse er nye basert på feltarbeid, rundt 12 var i den tidlegare Naturbasen til fylket. 27 av dei prioriterte naturtypane vart funne i kommunen. Det er gjort 27 funn av 10 raudlisteartar av planter, kransalgar, mosar, sopp og blautdyr. Materialet er presentert dels i rapportform, dels i database. Eide sitt særpreg er særleg innanfor naturtypane havstrand med ein særleg stor og viktig lokalitet (Gaustadvågen), ferskvatn/våtmark med rike kulturlandskapsjøar og viktige bekkedrag, skog med litt gammal lauv- og furuskog, berg og rasmark med artsrike nordvendte kystberg og kalkrike fjellområde med rik, basekrevande flora. Eide kommune har 6 verneområde, 2 i myr og 4 i ferskvatn/våtmark/havstrand. Dei er oppretta for å ta vare på plante- og/eller fuglelivet.</p>												
<p><b>Emneord:</b></p> <table> <tr> <td>Biologisk mangfald</td> <td>Prioriterte naturtypar</td> </tr> <tr> <td>Planter</td> <td>Kulturlandskap</td> </tr> <tr> <td>Sopp</td> <td>Myr</td> </tr> <tr> <td>Mosar</td> <td>Skog</td> </tr> <tr> <td>Lav</td> <td>Havstrand</td> </tr> </table>			Biologisk mangfald	Prioriterte naturtypar	Planter	Kulturlandskap	Sopp	Myr	Mosar	Skog	Lav	Havstrand
Biologisk mangfald	Prioriterte naturtypar											
Planter	Kulturlandskap											
Sopp	Myr											
Mosar	Skog											
Lav	Havstrand											
<p><b>Framsdebilete:</b> <i>Øvst t.v.: Gaustadvågen og Sandblåstvågen er truleg eit av dei mest spennande brakkvassområda i landet biologisk sett. Både fauna og flora er spesiell, m.a. med sjeldne brakkvassplanter og kransalgar. Øvst t.h.: Nåsavatnet er det 5. største låglandsvatnet i fylket. Her er fleire uvanlege artar av m.a. ferskvassplanter.</i> <i>Midten t.v.: Ei svært interessant oppdaging vart gjort våren 2003 av Geir Gaarder (t.h.) i fuktige og kalkrike nordheng på nordsida av Snipa mot Nåsavatnet. Her fann han torntvibladmose, som her har den einaste intakte veksestaden i Skandinavia. Denne mosen var tidlegare kjent frå Sleppskaret i Fræna, men er truleg forsvunnen som følge av kalksteinsutvinning. To moseforskarar frå NTNU, Trondheim, kontrollerer her funnet, t.v. professor Lars Söderström og i midten dr. scient. Kristian Hassel.</i> <i>I midten: Teikning av torntvibladmose Scapania nimbosa, frå Damsholt (2002, s. 392).</i> <i>Midten t.h.: Stivsildre er ei sjeldan, kalkkrevande fjellplante som i 2003 vart funnen fleire stader i nordvendte fuktig i Sandnestindane (Holtan &amp; Gaarder 2003). Så nær kysten er stivsildra aldri funnen tidlegare.</i> <i>Nedst t.v.: Mengda av daud ved er kritisk for ein del artar i skogen. I øvre del av Visneslia er det eldre skog med ein del daud ved av både furu og lauvtre.</i> <i>Nedst t.h.: Eide har fleire mindre låglandsvassdrag med elvemusling, ein kravfull art som trivst best i reint vatn. Fleire av desse vassdraga er påverka av periodevis avrenning som forårsakar grønske slik som på biletet. Det er usikkert om arten greier å formere seg under slike tilhøve. Innfelt elvemusling, som er freda og m.a. står på raudlista og i Bernkonvensjonens lister.</i></p> <p><i>Foto av stivsildre: Dag Holtan ©, dei andre bileta er tekne av John Bjarne Jordal ©.</i></p>												

# FØREORD

Forvaltning av natur har tidlegare i særleg grad vore eit statleg ansvar, men kommunane vil no gradvis få ein større del av dette ansvaret. Etter at Noreg slutta seg til Konvensjonen om biologisk mangfald i 1993 har Stortinget bestemt at alle norske kommunar skal gjennomføra ei kartlegging av viktige naturtypar for å styrka vedtaksgrunnlaget i det lokale planarbeidet, jf. St. meld. nr. 58 (1996-97) og St. meld. nr. 42 (2000-2001). Dette arbeidet går no mot slutten både i Møre og Romsdal og resten av landet. Eide kommune har motteke statleg tilskot til dette arbeidet og også løyvd egne midlar.

Denne rapporten er laga på oppdrag av Eide kommune av biolog John Bjarne Jordal. Rapporten er basert dels på samanstilling av kjent kunnskap og dels på innsamling av ny kunnskap gjennom feltarbeid og kontakt med folk. Materialet er systematisert etter ein fast metodikk som gjeld for heile landet. Det er meininga at rapporten skal kunne brukast som eit kunnskapsgrunnlag i både offentleg og privat planlegging.

Forfatternen ønskjer å takka alle som har bidratt med opplysningar, både lokalt og elles.

Jordalsgrenda 20.12.2004

John Bjarne Jordal  
prosjektansvarleg

# INNHALD

<b>SAMANDRAG</b> .....	<b>6</b>
<b>INNLEIING</b> .....	<b>9</b>
BAKGRUNN .....	9
KVA ER BIOLOGISK MANGFALD? .....	9
VERDIEN AV BIOLOGISK MANGFALD .....	9
TRUGSMÅL MOT DET BIOLOGISKE MANGFALDET .....	10
FORVALTNING AV BIOLOGISK MANGFALD I KOMMUNANE .....	11
FORMÅLET MED RAPPORTEN .....	11
NOKRE ORD OG UTTRYKK .....	12
<b>METODAR OG MATERIALE</b> .....	<b>13</b>
INNSAMLING AV INFORMASJON .....	13
AVGRENSING, VERDSETTING OG PRIORITERING .....	14
PRESENTASJON .....	16
<b>NATURGRUNNLAG</b> .....	<b>17</b>
LANDSKAP M.M. ....	17
KLIMA .....	17
GEOLOGI .....	17
LAUSMASSAR .....	18
NATUR- OG BIOGEOGRAFISK Plassering .....	18
<b>NATURTYPAR</b> .....	<b>20</b>
HAVSTRAND/KYST .....	20
KULTURLANDSKAP .....	20
MYR .....	21
FERSKVATN .....	21
SKOG .....	22
RASMARK, BERG OG KANTKRATT .....	22
FJELL .....	22
<b>LOKALITETAR</b> .....	<b>23</b>
1 VEVANG (KYSTLYNGHEI) .....	23
2 VEGEN SKOTTHEIMSVIK-VEVANG (ARTSRIKE VEGKANTAR) .....	23
3 VEVANG: VED ORØY-ROPARHAUGEN (DAM) .....	24
4 VEVANG: RISHAUGEN (ARTSRIKE VEGKANTAR) .....	24
5 VEVANG: RISESTØLEN (NATURBEITEMARK) .....	25
6 VEVANG: MANNSHOLMEN (NATURBEITEMARK) .....	25
7 VEVANG: GAUSTADVÅGEN NATURRESERVAT (BRAKKVASSDELTA, BRAKKVASSPOLL) .....	25
8 VEVANG: SØR FOR MJØLKSTØLEN (HØGMYR) .....	26
9 KNARRASHAUGMYRA NATURRESERVAT (HØGMYR) .....	27
10 GAUTVIKA (SANDSTRAND) .....	27
11 VED GAUTVIKA, UNDER LYNGSTADFJELLET (NORDVENDTE KYSTBERG) .....	28
12 GÅDALEN: AUST FOR ÅRØYANE (MYR) .....	28
13 GÅDALSVATNET (FERSKVATN) .....	29
14 MELEN (RIK FJELLVEGETASJON) .....	29
15 LYNGSTADVATNET (RIK KULTURLANDSKAPSSJØ) .....	29
16 LYNGSTADELVA (VIKTIG BEKKEDRAG) .....	30
17 AUST FOR LYNGSTADELVA (MYR) .....	30
18 VISNESLIA (GAMMAL SKOG) .....	31
19 VISNES, AUST FOR STEINBROTET (KALKSKOG) .....	31
20 VISNES: BJERGA (EDELLAUVSKOG M.M.) .....	32
21 VISNES: LINDSETSETRA (RIKMYR) .....	32
22 SILSETFJELLET: NONSTUA (RIK FJELLVEGETASJON) .....	33
23 SILNES (NATURBEITEMARK) .....	33
24 SANDNESTINDANE (RIK FJELLVEGETASJON) .....	34
25 TJØNN VED HÆLEN I SANDNESTINDANE (KALKSJØ) .....	34
26 SANDNESET: NORD FOR TJØRNDALEN (FURUSKOG) .....	35

27 OSELVA (VIKTIG BEKKEDRAG) .....	35
28 VED NÅSAVATNET: SANDNESET (GAMMAL LAUVSKOG) .....	36
29 VED NÅSAVATNET: STORSLETTET (GAMMAL LAUVSKOG).....	36
30 VED NÅSAVATNET: RAMSGRØHAMMAREN (NORDVENDTE KYSTBERG).....	37
31 NÅSAVATNET (RIK KULTURLANDSKAPSSJØ) .....	38
32 GUNNADALEN (NATURBEITEMARK) .....	38
33 GUNNADALEN (SØRVENDT BERG OG RASMARK) .....	39
34 BRANDSETRA (NATURBEITEMARK).....	39
35 VÅGSBØELVA/SAGELVA (VIKTIG BEKKEDRAG) .....	40
36 EINSETVÅGEN (BRAKKVASSPOLL, BRAKKVASSDELTA M.M.).....	40
37 SVANVIKMYRA NATURRESERVAT (INTAKT LÅGLANDSMYR).....	41
38 VASSKORDVATNET NATURRESERVAT (RIK KULTURLANDSKAPSSJØ, VIKTIG BEKKEDRAG).....	41
39 HALÅSSETRA (NATURBEITEMARK) .....	42
40 SORSETELVA (VIKTIG BEKKEDRAG) .....	42
41 UTLØPET AV SORSETELVA (BRAKKVASSDELTA) .....	43
42 UGELSTAD: ØYLIA (UNDER SALKNAPPEN) (EDELLOUVSKOG) .....	43
43 HERKEDALEN (EDELLOUVSKOG).....	44
OMRÅDE MED DÅRLEGE DATA ELLER USIKKER STATUS .....	45
<b>RAUDLISTEARTAR.....</b>	<b>46</b>
GENERELT .....	46
SOPP.....	46
LAV.....	46
PLANTER .....	46
MOSAR .....	46
KRANSALGAR.....	46
VIRVELLAUSE DYR.....	46
FUNNOVERSIKT.....	47
<b>KUNNSKAPSSTATUS.....</b>	<b>49</b>
OPPSUMMERING AV DATAGRUNNLAGET ETTER DETTE PROSJEKTET.....	49
BEHOVET FOR VIDARE UNDERSØKINGAR.....	49
<b>KJELDER .....</b>	<b>50</b>
GENERELL LITTERATUR.....	50
LITTERATUR SOM BERØRER EIDE.....	50
ANDRE SKRIFTLIGE KJELDER, INTERNETT .....	61
MUNNLEGE KJELDER .....	61
<b>VEDLEGG .....</b>	<b>62</b>
PLANTELISTER FOR LOKALITETAR.....	62
MOSELISTER FOR LOKALITETAR .....	65
SOPPLISTER FOR LOKALITETAR.....	66

# SAMANDRAG

## ***Bakgrunn og formål***

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet. Satsinga medfører tilgang på statlege tilskott, kombinert med bidrag frå kommunen.

Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), "Miljøvernpolitikk for ein bærekraftig utvikling.

Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartleggjinga av alle norske kommunar.

Sidan har vi og fått St.meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald, sektoransvar og samordning. Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltninga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må bli betre.

Hovudformålet med prosjektet er å gje kommunen, men også dei einskilde grunneigarane, eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige forvaltninga av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i alt planarbeid.

## ***Metodikk***

Metoden går i hovudsak ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

For å få tak i eksisterande kunnskap er det brukt litteratur, Naturbasen m.m. hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, databasar på Internett, museumssamlingar, og samtalar med fagfolk og lokalkjente folk. For å skaffa fram ny kunnskap er det satsa ein del på feltarbeid. Informasjonen er samanstilt og lokalitetane er prioritert etter metodane i DN-handboka. Dette omfattar mellom anna vektlegging av indikatorartar (signalartar). Informasjonen er presentert på kart og i rapport.

## ***Naturgrunnlag***

Naturgrunnlaget i kommunen er kort skildra med omtale av landskap, geologi og lausmassar, klima og naturgeografiske tilhøve.

## ***Naturtypar i Eide***

Dei ulike naturtypane i Eide er kort skildra. Viktige naturtypar for det biologiske mangfaldet i Eide er havstrand, ferskvatn, myr, berg/rasmark, skog og fjell. Eide har i visse område ein berggrunn som gjev eit meir baserikt jordsmonn og innslag av kalkkrevande planter m.m.

*Tabell 1. Registrerte lokalitetar i Eide fordelt på naturtypar og verdi. Mange lokalitetar har ein mosaikk av fleire naturtypar, summering gjev derfor for høge sumtalar. Verdsetting kan og skuldast ein annan naturtype. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig*

Kode	Naturtype	A	B	C	SUM
<b>A</b>	<b>Myr (7 lok.)</b>				
A01	Intakte låglandsmyrer		2	3	5
A02	Intakte høgmyrer		2		2
A05	Rikmyr		2		2
A06	Kjelde og kjeldebekk		1		1
<b>B</b>	<b>Rasmark, berg og kantkratt (3 lok.)</b>				
B01	Sørvendt berg og rasmark	1			1
B04	Nordvendte kystberg	1		1	2
<b>C</b>	<b>Fjell (3 lok.)</b>				
C01	Kalkrike område i fjellet	1	2		3
<b>D</b>	<b>Kulturlandskap (10 lok.)</b>				
D03	Artsrike vegkantar		1	1	2
D04	Naturbeitemark		2	4	6
D05	Hagemark			1	1
D07	Kystlynghei	1		1	2

Kode	Naturtype	A	B	C	SUM
<b>E</b>	<b>Ferskvatn/ våtmark (11 lok.)</b>				
E06	Viktige bekkedrag	5	1		6
E07	Kalksjøar			1	1
E08	Rike kulturlandskapssjøar	2	1	1	4
E09	Dammar			1	1
<b>F</b>	<b>Skog (8 lok.)</b>				
F01	Rik edellauvskog		1	2	3
F03	Kalkskog		1		1
F04	Bjørkeskog med høgstauder		1		1
F07	Gammal lauvskog		4		4
F08	Gammal barskog		1	1	2
<b>G</b>	<b>Havstrand/ kyst (4 lok.)</b>				
G01	Grunne straumar	2			2
G02	Undervassenger	2			2
G04	Sandstrender			1	1
G05	Strandeng og strandsump	2		1	3
G06	Tangvollar			1	1
G07	Brakkvassdelta	2	1		3
G08	Brakkvasspollar	2			2
<b>Reelt tal lokalitetar i kvar verdikategori</b>		<b>10</b>	<b>17</b>	<b>16</b>	<b>43</b>

I tabell 1 går det fram at det i Eide er kjent 27 av dei 56 prioriterte naturtypene i DN-handboka. Dette er ganske mykje, men forventa ut frå at Eide er ein fjord- og kyst-kommune med ein variert topografi og natur.

### ***Viktige lokalitetar i Eide***

Nedanfor er lista opp alle lokalitetar i kategori A (svært viktig), B (viktig) og C (lokalt viktig). Lokalitetane er gjevne nummer frå 1 og oppover.

*Tabell 2. Viktige lokalitetar i Eide. Tabellen gjev ei oversikt over avgrensa og verdsette lokalitetar sorterte etter nummer. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig.*

Nr.	Lokalitet	Naturtypar	Verdi
1	Vevang	Kystlynghei, intakt låglandsmyr	C
2	Vegen Skottheimsvik-Vevang	Artsrike vegkantar	C
3	Vevang: ved Orøy-Roparhaugen	Dammar	C
4	Vevang: Rishaugen	Artsrike vegkantar	B
5	Vevang: Risestølen	Naturbeitemark	B
6	Vevang: Mannsholmen	Naturbeitemark	C
7	Vevang: Gaustadvågen naturreservat	Brakkvassdelta, brakkvasspoll, undervassenger, grunne straumar, strandeng og strandsump, kystlynghei, viktige bekkedrag	A
8	Vevang: sør for Mjølkestølen	Høgmyr	B
9	Knarrashaugmyra naturreservat	Intakt høgmyr, intakt låglandsmyr	B
10	Gautvika	Sandstrender, tangvollar, strandeng og strandsump	C
11	Ved Gautvika, under Lyngstadjellet	Nordvendte kystberg	C
12	Gådalen: aust for Årøyane	Intakt låglandsmyr	C
13	Gådalsvatnet	Rike kulturlandskapssjøar	C
14	Melen	Kalkrike område i fjellet	B
15	Lyngstadvatnet	Rike kulturlandskapssjøar	B
16	Lyngstadelva	Viktig bekkedrag	A
17	Aust for Lyngstadelva	Intakt låglandsmyr	C
18	Visneslia	Gammal barskog, gammal lauvskog	B
19	Visnes, aust for steinbrotet	Kalkskog	B
20	Visnes: Bjerga	Rik edellauvskog, gammal lauvskog	B
21	Visnes: Lindsetsetra	Rikmyr	B
22	Silsetfjellet: Nonstua	Kalkrike område i fjellet	B
23	Silnes	Naturbeitemark, hagemark	C

Nr.	Lokalitet	Naturtypar	Verdi
24	Sandnestindane	Kalkrike område i fjellet	A
25	Tjønn ved Hælen i Sandnestindane	Kalksjøar	C
26	Sandneset: nord for Tjørndalen	Gammal barskog	C
27	Oselva	Viktig bekke drag	A
28	Ved Nåsavatnet: Sandneset	Gammal lauvskog	B
29	Ved Nåsavatnet: Storslettet	Gammal lauvskog, høgstaudebjørkeskog	B
30	Ved Nåsavatnet: Ramsgrøhammaren	Nordvendte kystberg	A
31	Nåsavatnet	Rike kulturlandskapssjøar	A
32	Gunnadalen	Naturbeitemark	B
33	Gunnadalen	Sørvendt berg og rasmark	A
34	Brandsetra	Naturbeitemark	C
35	Vågsbøelva/Sagelva	Viktig bekke drag	A
36	Einsetvågen	Brakkvasspoll, brakkvassdelta, undervassenger, grunne straumar, strandeng og strandsump	A
37	Svanvikmyra naturreservat	Intakt låglandsmyr, rikmyr, kjelde og kjeldebekk	B
38	Vasskordvatnet naturreservat	Rike kulturlandskapssjøar, viktige bekke drag	A
39	Halåsetra	Naturbeitemark	C
40	Sorsetelva	Viktig bekke drag	B
41	Utløpet av Sorsetelva	Brakkvassdelta	B
42	Ugelstad: Øylia	Rik edellauvskog	C
43	Herkedalen	Rik edellauvskog	C

### **Raudlisteartar**

Ei *raudliste* er ei liste over artar som i ulik grad er truga av menneskeleg verksemd. Det kan vera ulike fysiske inngrep i form av utbygging, det kan vera skogsdrift eller omleggingar i jordbruket, forureining, samling m.m. Slike artar kallast raudlisteartar, og er lista opp i ein nasjonal rapport (DN 1999b).

Det er registrert 27 funn av 10 raudlisteartar av planter, mosar, kransalgar, sopp og virvellause dyr i Eide. Desse er opplista og kommentert i eit eige kapittel. Raudlisteartar av virveldyr er ikkje tatt med (sorterer under viltkartlegging).

### **Kunnskapsstatus**

Eit eige kapittel inneheld ei kort vurdering av kunnskapsstatus etter dette prosjektet, og på kva område det er behov for meir kunnskap. Når det gjeld naturtypar, står mykje att å undersøkje på ferskvatn (stille og rennande), lynghei og myr, og relativt mykje på havstrand og naturbeitemark. Kunnskapen om mange organismegrupper og potensielle raudlisteartar i Eide er også jamt over dårleg. Tema biologisk mangfald må også supplerast med oppdatering av vilt, og undersøkingar etter DN-handbok om marin kartlegging og kartlegging av ferskvatn.

### **Litteratur**

Ein eigen litteraturdatabase er under utarbeiding over litteratur om naturen i Møre og Romsdal. Eit søk på Eide i denne basen ga 434 treff. Her vil det forhåpentleg finnast noko som har lokal interesse, t. d. til skulebruk.

### **Vedlegg**

I vedlegga er det presentert artslistar for einskildlokalitetar for planter, mosar og sopp.



# INNLEIING

## Bakgrunn

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet. Satsinga medfører tilgang på statlege tilskott, kombinert med bidrag frå kommunen.

Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), "Miljøvernpolitikk for ein bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartleggjinga av alle norske kommunar. Forhistoria til dette er igjen Brundtlandkommissjonens rapport frå 1997, og "Konvensjonen om biologisk mangfald" som vart vedteken på verdskonferansen i Rio i 1992, ratifisert av Norge i 1993 og som tredde i kraft i 1994. Direktoratet for Naturforvaltning (DN) kom i 1999 med ei handbok som gjev retningslinene for korleis arbeidet er tenkt gjennomført (DN 1999a).

Sidan har vi og fått St.meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald, sektoransvar og samordning. Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltninga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må bli betre.

## Kva er biologisk mangfald?

Populært sagt er biologisk mangfald jorda sin variasjon av livsformer (planter, dyr og mikroorganismar m.m.), inklusive arvestoffet deira og det kompliserte samspelet mellom dei. Variasjonen i naturen kan beskrivast på tre ulike nivå: gen-, arts- og økosystemnivå.

Meir presist er biologisk mangfald definert slik i Rio-konvensjonen om biologisk mangfald: "*Biologisk mangfald er variabiliteten hos levande organismar av alt opphav, herunder m.a. terrestriske, marine eller andre akvatiske økosystem og dei økologiske kompleksa som dei er ein del av; dette omfattar mangfald innanfor artene, på artsnivå og på økosystemnivå.*" (MD 1992).

## Verdien av biologisk mangfald

Miljøverndepartementet (2001b) knyter desse verdiane til biologisk mangfald:

- **Direkte bruksverdi:** Verdi som vert realisert gjennom bruk av biologiske ressursar til t.d. mat, medisinar, kunst, klede, byggverk og brensel, samt bruk av natur til leik, rekreasjon, friluftsliv, turisme, undervisning og forskning.
- **Indirekte bruksverdi:** Verdi i form av livsberande prosessar og økologiske tenester som biologisk produksjon, jorddanning, reinsing av vatn og luft, vasshushaldning, lokalt og globalt klima, karbonet, nitrogenet og andre stoff sitt kretsløp, økologisk stabilitet og miljøet si evne til å dempe effektar av påkjenningar som forureining, flom og tørke. Desse verdiane er ein føresetnad for menneskeleg eksistens og økonomisk aktivitet.
- **Potensiell verdi:** Verdier som ikkje er utnytta eller kjent. Slike verdier omfattar både direkte og indirekte verdier nemnt ovanfor og er blant anna knytt til bruk av uutnytta genetiske ressursar både når det gjeld tradisjonell foredling og genteknologi for framstilling av nye produkt med direkte bruksverdi.
- **Immateriell verdi:** Verdi som er etisk og moralsk forankra, t. d. knytt til ønsket om å vita at ein art eksisterer, til kommande generasjonar sine mulegheiter og livskvalitet, og til ønsket om å ta vare på landskap og natur som del av vår kulturarv og opplevingsverdi.

Til dei moralske og etiske verdiane høyrer også naturen sin eigenverdi (DN 1999a). At naturen har eigenverdi byggjer på tanken om at alle livsformer og urørt natur har verdi i seg sjølv, og difor ikkje treng sjåast på som eit middel, men som eit mål i seg sjølv. Tanken om at framtidige generasjonar skal overta kloten med like stor moglegheit for ressursutnytting og naturoppleving som vi har, er identisk med ei berekraftig utvikling slik Brundtland-kommisjonen definerte det.

# Trugsmål mot det biologiske mangfaldet

## *Fysiske inngrep*

Øydelegging, fragmentering og endring av naturområde er det største trugsmålet mot det biologiske mangfaldet. Særleg viktig er fysiske inngrep i samband med ulike utbyggingsformål. Store utbyggingar har ofte store konsekvensar, men det er summen av både små og store inngrep som over tid vil avgjera om vi klarer å ta vare på det biologiske mangfaldet. Der utbyggingspresset er stort, er det ofte utbyggingsinteressene som vert sterkast vektlagt i beslutningsprosessane.

## *Endra driftsformer i jordbruket*

Utviklinga i landbruket resulterer i intensivering, spesialisering og rasjonalisering av drifta, men også fråflytting, brakklegging og attgroing. Dei største driftsendringane i jordbruket har skjedd dei siste 50 åra og mange kulturskapt naturtyper, m.a. slåtteenger og naturbeitemarker er i ferd med å forsvinna (Jordal 1997, Fremstad og Moen 2001). Mykje av det lysopne, mosaikkprega landskapet frå det tradisjonelle jordbruket gror i dag att, og vert til buskmark eller skog. Dette medfører m. a. at planteartar som er avhengige av mykje lys og lite konkurranse går attende. I tillegg fører sjølv moderat gjødsling til at ein del artar går sterkt attende eller forsvinn heilt (Jordal 1997, Fremstad 1997). Bruken av kunstgjødsel var svært liten fram til 2. verdskrigen. Etter krigen auka bruken sterkt fram til 80-tallet. På grunn av desse endringane vil truleg ei lang rekkje plante-, sopp- og insektsartar forsvinna eller bli svært sjeldne, for over 30 % av dei norske raudlistartane er knytt til kulturlandskapet (DN 1999b). Område med biologisk verdifull myr har i noko grad vorte drenert og dyrka i løpet av 1900-talet. I dag er det stort sett stillstand i dyrkinga.

## *Spreiing av framande organismar*

Menneskeskapt spreiging av organismar som ikkje høyrer naturleg heime i økosystema, er eit aukande problem - både for vern av biologisk mangfald og med omsyn til verdiskaping. Innførte artar er ikkje tilpassa dei naturlege økosystema, og mange vil døye ut etter kort tid. Men dei som greier å etablere seg, har ofte ikkje naturlege fiendar som regulerer populasjonane, eller dei kan ha andre konkurransefordelar som fører til at populasjonane aukar kraftig (MD 2001a). Dette kan føra til at dei utkonkurrerer andre artar, og at heile økosystem vert endra. Gjennom signering og ratifisering av Riokonvensjonen, har Noreg forplikta seg til m. a. å hindra innføring av, kontrollere eller utrydda fremande artar som trugar økosystem, habitat eller artar (MD 1992: artikkel 8h).

**Mink** er døme på ein art som er komen til og har spreid seg dei siste 30-50 åra.

**Platanløn** tek no til å spreia seg i lauvskog på eiga hand.

**Sitkagran** har vore mykje bruka til leplanting, men tek no til å spreia seg i kystheiane på eiga hand.

## *Overhausting*

Hausting av naturressursar er eit gode så lenge det foregår innanfor økologisk forsvarlege rammer. Overhausting oppstår når det over ein lengre periode vert hausta meir enn populasjonen produserer. Dersom aktiviteten rammar artar med nøkkelfunksjonar, kan ringverknadene verta store. Overhausting av ein truga eller sårbar art vil vera eit trugsmål mot arten sin vidare eksistens. I Noreg er eksempla på overhausting i nyare tid særleg å finna i havet.

## *Forureining*

Dette kan opptre både i form av lokale utslepp, i form av langtransportert forureining som sur nedbør og radioaktivitet, og i form av utslepp som kan påverka heile kloden, som klimagassar og ozonnedbrytande stoff.

Lokale utslepp skuldast ofte landbruk eller kloakk. I Eide finst og industriutslepp i form av m.a. kalkslam og sprengstoffrestar.

Langtransportert forureining har ikkje gjort merkbar skade på naturen i Møre og Romsdal. Det vert likevel reist spørsmål om nitrogenedfall kan ha ein effekt i svært næringsfattige økosystem som kystlynghei.

Eventuelle klimaendringar vil også kunne påverka naturen vår. I Noreg viser prognosar at det kan bli meir nedbør i vårt fylke. Temperaturen kan truleg stiga over heile landet. Stormar kan bli meir vanlege, særleg i vår landsdel. Verknadene vil vera størst for fjellartar, og for varmekjære artar som har nordgrense for utbreiinga si i Noreg. Artar som har nordgrensa si i Noreg, t. d. mange varmekjære planter, soppar og insekt, vil kunne få ei større utbreiing.

# Forvaltning av biologisk mangfald i kommunane

## *Verneområde*

Eide kommune har 6 verneområde, 2 i myr og 4 i ferskvatn/våtmark (Knarrashaugmyra naturreservat, Sandblåst-Gaustadvågen naturreservat, Osen fuglefredingsområde, Einsetvågen/Nåsavatnet fuglefredingsområde, Svanvikmyra naturreservat, Vasskordsvatnet naturreservat). Tidlegare har Staten hatt ein vesentleg del av forvaltningsansvaret for verneområda, men meir av dette ansvaret vert no gradvis overført til kommunane.

## *Resterande areal*

På dei resterande delene av arealet i kommunen er landbruket, kommunen, det øvrige næringslivet og grunneigarane dei viktigaste aktørane. Kommunen har ei sentral overordna rolle fordi han er ansvarleg for ei samla og langsiktig arealdisponering. I tillegg kan han eksproprierast, og er lokal skog- og landbruksmyndighet med ansvar for planlegging, vegleiing og informasjon.

Dei resterande areala må i første rekkje forvaltast av kommunen gjennom bruk av Plan- og bygningslova (PBL). I arealplanlegginga har kommunen eit ansvar for kartlegging og forvaltning av biologisk mangfald. Derfor er det viktig å få kunnskap om og oversikt over kvar i kommunen det er verdifulle område som krev at ein tek særlege omsyn. Meir kunnskap gjev eit bedre vedtaksgrunnlag når avgjerdsler om utnytting av naturområde skal takast. Ifølgje St. meld. nr. 42 skal kommunane heretter utøva ei kunnskapsbasert naturforvaltning.

## *Aktiv sikring*

Kommunane har dei juridiske virkemidla som trengst for å verna område (PBL §25-6 for regulering til spesialområde naturvern), men desse er lite brukt. Årsaka er ei frykt for å påføra kommunen eit erstatningsansvar overfor grunneigarar og andre som har rettar i områda.

## *Passiv sikring*

Kommunen kan styra unna dei viktigaste områda for biologisk mangfald når ein skal byggja ut eller foreta naturinngrep. Ofte har ein alternative plasseringar for tiltak, og ein bør da velgja det som har minst negativ påverknad på det biologiske mangfaldet. Identifiserte område som er viktige for biologisk mangfald skal vektleggast i planlegginga i kommunane (MD 2001b).

## *Grunneigaravtalar*

Frivillige avtalar har den fordel at konfliktgraden ofte er låg og at ein unngår erstatningskrav. På lang sikt er slike avtalar ofte noko usikre, mellom anna i samband med grunneigarskifte eller ved endra økonomiske vilkår.

## *Virkemiddel i landbruket*

Fleire tilskotsordningar er i dag tilgjengelege for tiltak som tek vare på det biologiske mangfaldet i jordbrukslandskapet. For å oppnå tilskot er det ikkje høve til å gjera større endringar eller inngrep i kulturlandskapet. I tillegg vert det gjevne økonomisk støtte til tiltak som går ut over det ein reknar som vanleg landbruksdrift, t. d. skøtsel av kystlynghei, naturbeitemarker m.m. Denne ordninga er frå 2004 overført til kommunane. Det er svært viktig at kommunane brukar dette høvet aktivt til å ta vare på biologiske verdiar i kulturlandskapet, og ikkje berre hus og kulturminne.

## **Formålet med rapporten**

Hovudformålet med prosjektet er å gje kommunen og andre arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i alt planarbeid.

Arbeidet har gått ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet (jfr. metodikk-kapitlet).

## Nokre ord og uttrykk

**Beitemarkssopp:** grasmarkstilknytt soppartar med liten toleranse for gjødsling og jordarbeiding, og med preferanse for langvarig hevd – dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker.

**Biologisk mangfald** omfattar mangfald av

- naturtypar
- artar
- arvemateriale innanfor artane

**Edellauvskog:** skog med vesentlig innslag av dei varmekjære lauvtreslaga (alm, bøk, ask, spisslønn, lind, svartor, eik og hassel). I Eide er det alm, svartor og hassel som er mest aktuelle. Desse treslaga krev ein gjennomsnittstemperatur for perioden juni-september på 11-13 °C, medan gran og furu greier seg rundt 8-9 °C og fjellbjørk toler heilt ned i 7-7,5 °C (Hafsten 1972).

**Indikatorart (signalart):** ein art som på grunn av strenge miljøkrav er til stades berre på stader med spesielle kombinasjonar av miljøforhold. Slike artar kan dermed gje god informasjon om miljøkvalitetane der den lever. Ein god indikatorart er vanleg å treffa på når desse miljøkrava er tilfredsstilte. For å identifisera ein verdifull naturtype bør helst ha fleire indikatorartar.

**Kontinuitet:** i økologien bruka om relativt stabil tilgang på bestemte habitat, substrat eller kombinasjon av bestemte miljøforhold over lang tid (ofte fleire hundre til fleire tusen år). Det kan i kulturlandskapet t.d. dreia seg om gjentatt årleg forstyrring i form av beiting, slått eller trakkpåverknad. I skog kan det t. d. dreia seg om kontinuerleg tilgang på daud ved av ulik dimensjon og nedbrytingsgrad, eller eit stabilt fuktig mikroklima.

**Naturbeitemark:** gammal beitemark med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd; omgrepet er ei direkte oversetting av det svenske "naturbetesmark".

**Natureng:** i snever forstand gamle slåttmarker med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. I andre samanhengar vert omgrepet bruka i ei vidare tyding om gras- og urterik vegetasjon i både gamle slåttmarker og naturbeitemarker.

**Naturengplanter:** planter som er knytte til engsamfunn, og som har liten toleranse for gjødsling, jordarbeiding og attgroing. Dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker, og er dermed en parallell til beitemarkssoppene.

**Nøkkelbiotop:** ein biotop (levestad) som er viktig for mange artar, eller for artar med strenge miljøkrav som ikkje så lett vert tilfredsstilt andre stader i landskapet.

**Raudliste:** liste over artar som i større eller mindre grad er truga av menneskeleg verksemd (DN 1999b).

**Signalart:** vert i denne rapporten bruka omtrent synonymt med indikatorart.

**Tradisjonelt kulturlandskap:** dominerande typar av jordbrukslandskap for minst 50-100 år sidan, forma av slått, husdyrbeite, trakk, krattrydding, lauving og lyngheiskjøtsel kombinert med låg gjødslingsintensitet og relativt lite jordarbeiding, med innslag av naturtypar som naturenger og naturbeitemarker, hagemark, slåttelundar og lynghei.

**Truga artar:** artar som er oppførte på den norske raudlista, også kalla raudlisteartar.

# METODAR OG MATERIALE

## Innsamling av informasjon

### Generelt

Metoden går i hovudsak ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 1999a). Vilt- og fiskekartlegging inngår ikkje i metodeopplegget, heller ikkje kartlegging av ferskvassfisk eller marine område.

Eksempel:

- ein registrerer ikkje alle strender, men t. d. større strandengområde
- ein registrerer ikkje alt kulturlandskap, men t. d. artsrike naturbeitemarker
- ein registrerer ikkje alle innsjøar, men t. d. næringsrike vatn i låglandet
- ein registrerer ikkje blåbærbjørkeskog, men t. d. rik edellauvskog med alm eller hassel og mange varmekjære planter
- ein registrerer ikkje alle bergskrentar, men t. d. artsrike nordvende berg med sjeldan og kystbunden lavflora

Gangen i arbeidet er slik at ein først må setta seg inn i eksisterande kunnskap, deretter systematisera materialet, prioritera lokalitetane og til slutt presentera dette på kart og i rapport.

### Litteratur

Det er leita systematisk i litteratur som kan tenkjast å ha informasjon frå Eide. Dette har vorte lettare å få oversikt over frå år 2000, da underteikna saman med Geir Gaarder på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal har laga eit utkast til litteraturredatabase over naturen i fylket. Denne databasen er søkbar på kommune, og ligg på Fylkesmannens heimesider på Internett. Eit søk på Eide i databasen er presentert i litteraturoversikta attast i rapporten.

*Tabell 3. Dei viktigaste skriftlege kjeldene som er bruka for å kartleggja eksisterande naturinformasjon frå Eide, med kort skildring av innhaldet. Sjå litteraturlista for fleire kjelder.*

Kjelde	Kommentar
Aspås & Bruun (2003)	Ferskvassbiologiske undersøkingar i Nåsavassdraget
Dolmen (1991)	Ferskvassbiologiske undersøkingar i Nåsavassdraget
Eie (1975)	Ferskvassbiologiske undersøkingar av nokre vatn/tjønner
Folkestad (1976a)	Skildrar naturkvalitetar i Eide kommune
Folkestad (1978a)	Skildrar våtmarksområde i Eide kommune
Fremstad m. fl. (1991)	Fagrapport kystlynghei, omtalar overflatisk fleire lokalitetar ved Vevang
Fylkesmannen i MR (1982)	Verneplanen for våtmark, omtalar fleire lokalitetar i Eide
Fylkesmannen i MR (1988a)	Verneplanen for myr, omtalar myrer i Eide
Fylkesmannen i MR Miljøvernadv. (2000)	Naturbasen, utskrift for Eide m. kart
Fægri (1960)	Utbreiingskart for kystplanter, nokre artar er også kjent frå Eide
Faafeng et al. (1995)	Ferskvassbiologiske undersøkingar i Nåsavassdraget
Gaarder & Jordal (2001)	Funn av raudlisteartar i fylket av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfugl, nokre også frå Eide
Gaarder & Stenberg (2003)	Konsekvensutgreiing for kraftlineprosjekt, detaljerte biologiske skildringar av fleire lokalitetar
Haukebø & Eide (1986)	Prøvefiske i Nåsavatnet
Haukebø & Eide (1987)	Prøvefiske i Vasskordvatnet
Holtan & Gaarder (2003)	Skildrar plantelivet i Sandnestindane, særleg funn av stivsildre
Holten m. fl. (1986b)	Fagrapport havstrand, omtalar to strandområde i Eide (Einsetvågen og Gaustadvågen)
Jordal (1993)	Nemner fleire soppfunn frå Eide
Jordal & Gaarder (1993)	Nemner område og funn frå beitemark
Jordal & Gaarder (1999)	Oppsummering av undersøkte kulturlandskap i fylket inkl. Eide

Kjelde	Kommentar
Korsmo & Svalastog (1997)	Skildrar furuskog ved Tjønndalen vest for Nåsavatnet
Kristiansen (1974)	Skildrar Gaustadvågen botanisk
Langangen m. fl. (2001)	Omtalar sjeldne funn av kransalgar i Gaustadvågen
Loen (1991)	Ornitologiske undersøkingar i Nåsavassdraget
Malme (1971)	Plante- og mosefunn frå Eide og Fræna
Malme (1972)	Undersøkte ferskvassplanter i Nåsavatnet og Vasskordvatnet
Moen (1984)	Behandlar verdifulle myrområde i fylket, og fleire i Eide
Wold (1985, 1987)	Prøvefiske i Nåsavassdraget
Ørjavik (1972)	Ferskvassbiologisk skildring av Gådalsvatnet i samband med kalkingsforsøk

## ***Museumssamlingar, databasar, Internett***

Lav- og soppdatabasane ved Universitetet i Oslo er sjekka på Internett. Underteikna har vidare motteke utskrift frå herbariedatabasane når det gjeld regionalt sjeldne planter og kransalgar. Anders Langangen har sendt utskrift av alle sine kransalgedata frå fylket inkl. Eide. Likeeins er det brukt egne databasar om litteratur, raudlisteartar, vassplanter, kransalgar, regionalt sjeldne planter m.m.

## ***Innsamling frå personar***

Ei rekkje einskildpersonar sit på interessante opplysningar om naturen i Eide. Noko er innsamla. Det er eit stort arbeid å samla all denne informasjonen, og det hadde vore ønskjeleg å kunne bruka meir tid til dette.

## ***Eigne registreringar av biologisk mangfald i kommunen***

I 1992-1995 har rapportforfattaren saman med Sigmund Sivertsen og Geir Gaarder undersøkt ein del kulturlandskapsområde i kommunen (Jordal & Sivertsen 1992, Jordal & Gaarder 1993, 1995). I tillegg har Gaarder & Jordal (2001) samla opplysningar om raudlisteartar av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfuglar frå alle kommunar i fylket inklusive Eide. Dette er sidan oppdatert fleire gonger. I samband med den føreliggjande rapporten er det utført ein del feltarbeid somrane 2003-2004.

## ***Artsbestemming og dokumentasjon***

Artsbestemming av planter er gjort ved hjelp av Elven m. fl. (1994), og norske namn følgjer også denne utgåva. Bestemming av sopp er utført ved hjelp av stereolupe, stereomikroskop og diverse litteratur. For sopp har ein brukt Hansen & Knudsen (1992, 1997, 2000) og Ryman & Holmåsén (1984). For raudskivesopp (*Entoloma*) har ein brukt Noordeloos (1992, 1994). For vokssopp har ein brukt Boertmann (1995). Norske namn på sopp følgjer Gulden m. fl. (1996) med seinare tillegg. Bestemming av mosar er gjort m.a. ved hjelp av Hallingbäck & Holmåsén (1985) og Damsholt (2002). Dr. scient. Kristian Hassel har hjelpt til med bestemming og kontroll av viktige funn. Bestemming av lav er gjort ved hjelp av Krog m. fl. (1994), Moberg & Holmåsén (1986) og Tibell (1999). Særleg interessante funn (planter, sopp) er eller vil bli sendt til Botanisk museum i Oslo, der dei skal vera fritt tilgjengeleg for alle. Vitskaplege navn følgjer dei publikasjonane vi har bruka i arbeidet.

## ***Avgrensing, verdsetting og prioritering***

### ***Generelt***

Ved verdsetting av naturmiljøet vert det i praksis gjort ei *innbyrdes rangering* av det biologiske mangfaldet. Det kan settast fram fleire påstandar som grunnlag for å verdsetta einskilde naturmiljø eller artar høgare enn andre, og dei to viktigaste er truleg:

- Naturmiljø og artar som er sjeldne, er viktigere å ta vare på enn dei som er vanlege
- Naturmiljø og artar som er i tilbakegang, er viktigare å ta vare på enn dei som har stabile førekomstar eller er i framgang

### ***Kriteriar og kategoriar***

Ein viser her berre til verdsettingskriteria i DN (1999a). Kategoriane her er:

- A (svært viktig)
- B (viktig)
- C (lokalt viktig)

I denne rapporten er kriteria for naturtypar og raudlisteartar innarbeidde, det gjeld også kriteria frå vilthandboka (DN 1996). Kriteria gjev heilt klart rom for ein del skjøn. Ein del lokalitetar som truleg ikkje bør koma i kategori B - viktig,

er plasserte i kategori C - lokalt viktig. Kriteria for C - "lokalt viktig" er ikkje presentert i handboka. For å koma i kategori A bør ein lokalitet ha særlege og uvanlege kvalitetar, t. d. førekomst av artar som er sårbare eller truga på raudlista, eller dei må vera særleg velutvikla og artsrike. For å koma i kategori B vert det ikkje stilt så strenge krav, men nokre definerte vilkår må vera oppfylte.

### ***Avvik frå DN-handboka i denne rapporten***

Eide er rik på ferskvatn. Ein del område med dammar og småtjønner har ein variert og interessant flora og er naturleg å kartleggja. Aktuelle naturtypar er Rike kulturlandskapssjøar, Dammar og Naturleg fisketome innsjøar og tjønner. I mange tilfelle burde sistnemnde naturtype vore nytta, men det er ofte uråd å vera sikker på at det ikkje finst stingsild. Ein har derfor nytta naturtypen Dammar i staden, og da ofte med verdsetting C (lokalt viktig). Dette er gjort sjølv om denne typen i hovudsak er tenkt nytta til dammar i kulturlandskapet.

Rapportforfattaren er usamd med DN-handboka på nokre punkt

- DN-handboka vil føra alle rike edellauvskogar nord for Sogn og Fjordane til kategori A (svært viktig)
- DN-handboka vil føra alle naturbeitemarker med raudlisteartar i kategori A (svært viktig)

Desse kriteria gjer det vanskeleg å skilja mellom lokalitetar som klart er heilt ulike, og som bør verdsettast ulikt. Når det gjeld rik edellauvskog er ein ikkje usamd i at lokalitetane vert sjeldnare nordover, men grensa for å føra alle lokalitetar i kategori A bør flyttast nordover, i det minste nord for Møre og Romsdal. Når det gjeld naturbeitemarker meiner undertekna at krava for å koma i kategori A bør vera noko strengare.

I denne rapporten er følgjande kriteriar nytta for verdsetting av rik edellauvskog:

- A (svært viktig)** større, velutvikla edellauvskog med mange varmekjære planteartar eller raudlisteartar i kategori sårbar eller direkte truga
- B (viktig)** mindre velutvikla edellauvskog med nokre varmekjære planteartar eller raudlisteartar i lågare kategori
- C (lokalt viktig)** mindre skogparti med spreidde edellauvtre og få varmekjære planteartar, og ingen raudlisteartar (t. d. dårleg utvikla hasselkratt)

I denne rapporten er følgjande kriteriar nytta for verdsetting av naturbeitemarker:

- A (svært viktig)** velutvikla lokalitetar med mange indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, førekomst av raudlisteartar i kategori sårbar eller direkte truga
- B (viktig)** lokalitetar med ein del indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, ofte med førekomst av raudlisteartar i kategori sjeldan eller hensynskrevande
- C (lokalt viktig)** lokalitetar som er små eller litt attgrodde eller dårleg utvikla, og med relativt få indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling.

### ***Bruk av raudlisteartar/signalartar***

Når dei ulike lokalitetane er skildra, er det av og til oppramsa mange artar som er funne på staden. Dette kan vera for å illustrera trekk ved t. d. vegetasjonen, og ikkje alle artsfunn er like viktige for å verdsetta lokaliteten. Nokre artar vert lagt særleg mykje vekt på i verdsettinga. Desse er:

- raudlisteartar
- signalartar (indikatorartar)

Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel i rapporten. Desse inngår i verdsettinga av lokalitetar. Signalartar vert kort omtala her. Nedanfor vert det oppramsa døme på ein del artar som er brukt som signalartar og vektlagt i verdsettinga.

*Ferskvatn:* mindre vanlege vassplanter som hjartetjønna, trådtjønna, butt-tjønna, småvassoleie, stautpiggnopp

*Rikmyr:* breiull, engstorr, loppestorr, jåblom, gulstorr, stortviblad, engmarihand

*Havstrand/brakkvatn:* t.d. havstorr, ishavsstorr, bogestorr, småhavgras, havbendel, saftmelde, salturt

*Naturbeitemark:* ei rekkje artar definerte som anten naturengplanter eller beitemarkssopp hos Jordal & Gaarder (1995).

*Nordvendte kystberg:* fuktrevande artar som kystmaigull, hinnebregne, dronningmose, prakttvibladmose m.fl.

*Kalkrike område i fjellet:* basekrevande fjellplanter som reinrose, rukkevier, stivsildre, raudsildre m.m.

### ***Bruk av truga vegetasjonstypar***

Ein rapport om vegetasjonstypar som er truga nasjonalt (Fremstad & Moen 2001) er bruka som støtte i verdsettinga.

## ***Område med dårlege data eller usikker status***

Potensielt interessante lokalitetar som det finst lite informasjon om er samla i kapitlet " Område med dårlege data eller usikker status ". Prosjektet hadde tronge rammer, og ein kan her berre visa til behovet for vidare kartlegging. Lokalitetar som ikkje er prioriterte, er også kort omtala i det same kapitlet.

Årsaker til at lokalitetar ikkje er avgrensa og prioriterte:

- lokaliteten er undersøkt, men ein har ikkje funne tilstrekkelege biologiske verdiar
- lokaliteten er ikkje undersøkt, eller ein har for dårlege data om lokaliteten
- DN-handboka om biologisk mangfald prioriterer ikkje dei biologiske verdiane som er påvist på vedkomande lokalitet

## **Presentasjon**

### ***Generelt***

Generell omtale av kommunen med geologi, lausmassar og ulike naturtypar, er samla i eit kapittel. Dei mest verdifulle områda er omtala i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel. Siste kapitlet kjem med ei vurdering av kunnskapsstatus. Sist i rapporten er presentert litteraturliste for Eide. Artslistar for lokalitetar er ikkje tekne med, sidan desse i hovudsak er publisert i grunnlagsmaterialet.

### ***Områdeskildringar***

Dei einskilde lokalitetane er omtala i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Ein har her i store trekk følgd DN (1999a) med nokre justeringar. I dette kapitlet er områda sorterte slik at geografisk nærliggjande lokalitetar hamnar saman. Lokalitetsnummer i dette prosjektet er velt frå 1 og oppover. Truslar nemner ikkje berre dei som er aktuelle i dag, men dei som kan bli aktuelle seinare. T. d. er det for naturbeitemark konsekvent ført opp attgroing som trussel. For dei fleste lokalitetar kan fysiske inngrep verta ein trussel før eller seinare.

### ***Vegetasjonstypar***

Inndeling av vegetasjonstypar følgjer Fremstad (1997) i grove trekk. Eit unntak er inndelinga av vegetasjon på nokre få havstrandlokalitetar. Holten m. fl. (1986a) nytta eit meir detaljert system, og ein har ikkje gjort forsøk på å konvertera desse til Fremstad sine typar.

### ***Kartavgrensing***

Alle nummererte lokalitetar er innteikna på manuskart som er overlevert til kommunen, som så har sørga for å få dei digitalisert. Avgrensingane vert ikkje alltid så nøyaktige som ønskjeleg når dei er basert på eige minne og uøyaktige kjelder, og ein ikkje har høve til å sjekka dei i felt. Ein må oppfatta avgrensingane som omtrentlege og orienterande. I tilfelle planer om nye tiltak eller inngrep bør ein foreta befarings for å få ei meir detaljert avgrensing.



# NATURGRUNNLAG

## Landskap m.m.

Eide ligg på kysten i midtre del av Møre og Romsdal fylke. Arealet (landareal + ferskvatn) er oppgjeve til 153 km<sup>2</sup>, noko som gjer Eide til ein av dei mindre kommunane i fylket. Spennvidda i naturtypar er likevel betydeleg, med ein del holmar og skjær, strandberg, strender, vågar, jordbrukslandskap, innsjøar og vassdrag, myr, hei, utmarksbeite, berg/rasmark og fjell.

Tabell 4. Nokre geografiske data for Eide kommune (Statistisk sentralbyrå 2001).

Parameter	Verdi
Areal	153 km <sup>2</sup>
Del av fylket sitt areal	1,0 % av 15104 km <sup>2</sup>
Jordbruksareal	ca. 16 km <sup>2</sup>
Skogareal	59 km <sup>2</sup>
Myrareal	23 km <sup>2</sup>
Ferskvatn	66 stk (6,2 km <sup>2</sup> )
Strandline (fastland + øyar)	119 km
Høgaste punkt	1027 m o. h. (Snøtinden)
Gjennomsnittshøgde	230 m o. h.
Talet på øyar	130 (1 km <sup>2</sup> )

## Klima

Klimaet i Eide er typisk kystprega. Eit oseanisk klima har milde vintrar og liten temperaturskjell mellom sommar og vinter. I Eide ligg temperaturen på -0,2°C som gjennomsnitt for januar, noko som understrekar kystpreget.

Gjennomsnittstemperatur for juli er i overkant av 12°C. Vidare er det mykje nedbør, med årsnedbør rundt 2200 mm og over 100 mm i omtrent alle månader. Det er også hyppig nedbør, >220 dagar med nedbør >0,1 mm i løpet av året, og over 240 dagar i området ved Sandnestindane. Kjelde: Statistisk Sentralbyrå og Nasjonalatlas for Norge.

Tabell 5. Temperaturnormalar for Eide i perioden 1961 – 1990. Kjelde

[http://met.no/observasjoner/more\\_og\\_romsdal/normaler\\_for\\_kommune\\_1551.html?kommuner](http://met.no/observasjoner/more_og_romsdal/normaler_for_kommune_1551.html?kommuner).

Nummer	Stad	h.o.h.	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
62890	Eide	40	-0,2	0,0	1,8	4,1	8,6	11,4	12,7	12,9	9,9	7,3	3,0	1,0	6,0

Tabell 6. Nedbørnormalar for Eide i perioden 1961 – 1990. Kjelde:

[http://met.no/observasjoner/more\\_og\\_romsdal/normaler\\_for\\_kommune\\_1551.html?kommuner](http://met.no/observasjoner/more_og_romsdal/normaler_for_kommune_1551.html?kommuner).

Nummer	Stad	h.o.h.	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
62890	Eide	40	198	165	179	142	98	109	144	153	290	289	227	261	2255
62900	Eide på Nordmøre	49	199	165	179	142	98	109	144	153	290	289	227	262	2257

## Geologi

Eide har ein variert berggrunn med mange interessante trekk. 34 titlar er funne som omtalar geologi og lausmassar i kommunen. Berggrunnskart i målestokk 1:250.000 finst tilgjengeleg for området (Tveten m. fl. 1998). Det finst og mellombelse geologiske kart i målestokk 1:50.000 i svartkvitt (kartblad 1220 I Hustad, NGU 1989, og kartblad 1320 IV Eide, NGU 1990). Deler av kommunen er prega av relativt sure gneis- og granittbergartar, noko som er typisk for Nordvestlandet. Dette er nokså harde bergartar som forvittrar seint og gjev eit sparsamt og litt surt jordsmonn. Dette jordsmonnet får ein vegetasjon av planter som er tilpassa desse litt karrige tilhøva. Utanom grunnfjellbergartane finst yngre glimmerhaldige bergartar (glimmergneis, glimmerskifer), amfibolitt m.m. Slike bergartar finst i Sandnestindane og strekninga Visnes-Gaustad. Særleg interessant er innslaget av kalkstein ved Visnes og i Sandnestindane. Kalkkrevande planter er vanlege i Eide, og finst m.a. på desse bergartane. Ved Visnes finst og ein del eklogitt. Elles er kalkgrus og skjelsand brukt som fyllmasse fleire stader. Vegkantane særleg i ytre deler av kommunen har mange stader ein interessant flora av dels uvanlege, kalkkrevande planter.

## Lausmassar

Den beste kjelda om lausmassane er "Møre og Romsdal fylke – kvartærgeologisk kart 1:250000" (Follestad 1995). Overdekninga av lausmassar varierer sterkt innanfor kommunen. Det er ein del fjell og berg som har eit svært tynt lausmassedekke eller ikkje i det heile. Lausmassane er i stor grad morenemasse frå siste istida, og desse finst over mesteparten av kommunen. Lausmasse avsett av elvar finst sparsamt i Gaustadvågen og Nåsavassdraget. Marine strandavsetningar finst ganske utbreidd i låglandet i heile kommunen. Desse har kome på land som følge av landhevinga etter istida. Strandflatene er i stor grad utnytta til jordbruksland. Lausmasseforekomstane på og nær strender er påverka av kor utsett stranda er for ver og vind. På eksponerte stader er ofte alle lausmassar vaska vekk slik at ein har berre blanke berget. På meir beskytta stader kan det vera bra med finare sediment, alt frå rullestein til fin sand og leire. Sand og leire finn ein helst på dei mest beskytta strendene. I hei- og myrområda har det etter istida danna seg lag med torv, som er restar av plantemateriale som ikkje er fullstendig nedbrote. Slike torvlag finst m.a. i området Fræneidet-Nås-Vasskord og Lyngstad-Gaustad.

## Natur- og biogeografisk plassering

Nordisk Ministerråd (1984) deler Skandinavia inn i **naturgeografiske regionar**. Eide høyrer her dels til region 40 Møre og Trøndelags kystregion, underregion 40a Møre og Trøndelags kyst nord til Follafjorden (ytre deler). Dei indre delene av kommunen tilhøyrer region 39 Møre og Trøndelags kystskogsregion, underregion 39a, Møre- og Sør-Trøndelagstypen.

Noreg sitt kulturlandskap er inndelt i **landskapsregionar** som er definert og karakterisert av NIJOS (1993). For avgrensing av regionar i vårt fylke viser vi til kartet utgjeve av Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1998). Eide kommune tilhøyrer i denne samanheng dels region 25 Trøndelags og Nordmøres kyst-bygder (ytre deler), dels region 26 Fjordbygder i Møre og Trøndelag (indre deler).

Biogeografi har å gjera med geografisk utbreiing av av artar og naturtypar. Viktigaste einskildfaktor er klimaet som varierer både med avstand frå kysten og høgde over havet. Det er også visse skilnader frå sør til nord i fylket. For meir presist å beskriva naturen på staden kan ein oppgje **vegetasjonssone** og **vegetasjonsseksjon**.

**Vegetasjonssonar** beskriv variasjonar i vegetasjonen frå sør til nord, og frå havnivå og opp mot fjellet. Oppdelinga og avgrensinga er knytt til utbreiing av plantesamfunn og planteartar, som igjen i stor grad avspeglar lokalklimaet. Vegetasjonssonar er beskrive av Moen (1998).

Følgjande vegetasjonssonar finst i Møre og Romsdal:

**Boreonemoral sone** (nordleg edellauvskog- og barskogsone)

**Sørboreal sone** (sørleg barskogsone)

**Mellomboreal sone** (midtre barskogsone)

**Nordboreal sone** (fjellskogone)

**Alpine soner** (Låg-, mellom- og høgaltin sone)

*Vegetasjonen i Eide tilhøyrer dels sørboreal og mellomboreal sone, og dels dei alpine sonene.* (Moen 1998 s.94).

Omgrepet **vegetasjonsseksjon** vert bruka for å beskriva variasjonar i plantelivet mellom kyst og innland. Omgrepet oseanisk vert bruka om vegetasjon og artar knytt til kysten, med milde vintrar, liten temperaturskilnad mellom vinter og sommar og fuktig, nedbørrikt klima, medan kontinental vert bruka tilsvarende om vegetasjon og artar knytt til innlandet, med kalde vintrar, stor temperaturskilnad mellom vinter og sommar og tørrare klima. Inndelinga baserer seg på Moen (1998).

Følgjande vegetasjonsseksjonar finst i Møre og Romsdal:

**O3. Sterkt oseanisk seksjon:** Her er det stort innslag av mosar, planter m.m. knytt til eit fuktig klima med milde vintrar. Nedbørmengda er stor, og talet på dagar med nedbør er høgt. Seksjonen finst i ei stripe ytst på kysten som i vårt fylke er smal på Nordmøre og brei på Søre Sunnmøre. Sonen vert delt i to underseksjonar:

**O3t. Vintermild underseksjon.** Her finst ein del frostømfintlege planter, med purpurlyng som viktigaste indikator. Andre er heifryttele, blankburkne og vestlandsvikke. Denne underseksjonen finst berre i låglandet på ytterkysten omlag nord til Ålesund.

**O3h. Humid underseksjon.** Dette er resten av O3, og manglar dei mest frostømfintlege (termisk oseaniske) artane. Den alpine sonen er artsfattig som følge av at det vantar ei rekkje fjellplanter m.m. som krev kvile under stabile vintertilhøve (kontinentale eller austlege artar).

**O2. Klart oseanisk seksjon:** Område med relativt høg årsnedbør, med noko lågare vintertemperaturar enn i O3-seksjonen. Artar og vegetasjon knytt til fuktig klima er også her svært utbreidd. Seksjonen dekkjer store område i ytre og midtre fjordstok i fylket vårt.

**O1. Svakt oseanisk seksjon:** Årsnedbør 800-1200 mm. Ei rekkje svakt vestlege artar finst, men dei mest kystbundne vantar eller finst spreidd (t. d. rome). Dekkjer eit relativt smalt område i indre fjordstrok og dalføra innafor, frå Geiranger til Trollheimen.

**OC. Overgangsseksjon (til kontinentale seksjonar):** Årsnedbør på 500-800 mm. Nokre svakt vestlege planter førekjem, innslag av ein del austlege planter og plantesamfunn, mellom anna tørrbakkessamfunn. Til denne seksjonen høyre berre nokre mindre område i austlege deler av Sunndal, Nettet og Rauma.

*Vegetasjonen i Eide tilhøyrer for det meste sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h), men mindre deler tilhøyrer O2 Klart oseanisk seksjon (Moen m. fl. 1998, s. 126).*

# NATURTYPAR

DN (1999a) opererer med 7 hovudnaturtypar: havstrand/kyst, kulturlandskap, myr, ferskvatn/våtmark, skog, rasmark, berg og kantkratt, og fjell. Innanfor desse er det så skildra 56 prioriterte naturtypar. Ein del av dei typane som er viktigast i Eide, vert omtala nedanfor.

## Havstrand/kyst

Eide ligg i ytre fjordstrok og ut mot havet med ei strandline på 119 km. Der hav og land møtest, oppstår oftast ei smal stripe med tidevassone. Tilknytt denne tidevassona førekjem fleire prioriterte naturtypar som er representerte fleire stader i Eide: undervassenger, grunne straumar, brakkvasspollar, brakkvassdelta og strandeng og strandsump. Gaustadvågen er eit av dei best utvikla estuarieområda i landet, og har alle desse typane. Einsetvågen har også alle typane, men er ikkje fullt så velutvikla og artsrik. Andre typar er dårleg undersøkte eller lågt prioriterte, som tangvollar og sandstrender. Døme på ein lokalitet med desse typane er Gautvika.

## Undervassenger

Dette kan vera vegetasjon i salt eller brakt vatn av ålegras, havgras m.m. I Eide er det kjent fleire stader der det veks ålegras, men ein har ikkje prioritert å kartleggja under havoverflata, dels fordi dette høyrer inn under handbok i kartlegging av marint mangfald. I området i og rundt Einsetvågen finst det ålegrasenger og også litt småhavgraseng (Smibukta). I Gaustadvågen finst undervassenger med trådtjønnaks, bust-tjønnaks, og dessutan ei utforming med dei raudlista kransalgane hårkrans *Chara canescens* (raudlistekategori E, direkte truga) og bustkrans *Chara aspera* (raudlistekategori R, sjeldan). Undervassenger med kransalgar i brakkvatn er her i fylket berre kjent i Gaustadvågen og i Sjøvågen på Smøla, og er generelt sjeldan i Noreg.

## Grunne straumar

Grunne straumar i sjøen finst i Eide m.a. i innløpet til Gaustadvågen og Einsetvågen. Desse har ofte ein flora og fauna som er tilpassa gode straumtilhøve, men er generelt dårleg undersøkte.

## Brakkvasspollar

Brakkvasspollar er avsnørte frå omliggjande sjøområde med ein grunn terskel eller ein trong straum. Slike finst i Eide i Gaustadvågen og i Einsetvågen. Dei har ofte ein særmerkt flora og fauna knytt til brakkvatn, m.a. undervassenger (sjå ovanfor).

## Brakkvassdelta

Brakkvassdelta dannar seg der elvar renn ut i grunne sjøområde. Oppsamling av elvetransportert masse dannar større flater med strandenger og gruntvassområde. Desse er ofte produktive og viktige plante- og fugleområde. I Eide har ein mindre delta i utløpet av Nåsavassdraget/Einsetelva (Einsetvågen/Isingvågen) og utløpet av Gaustadvågen/Sandblostvågen ved Vevang.

## Strandeng og strandsump

Strandenger og strandsumpar oppstår i flate strandområde med større avsetningar av finsediment. Dei best utvikla strandengområda finst i tilknytning til elve/bekkeutløp (t.d. Gaustadvågen og Einsetvågen). Her finst ei rekkje salttolande planter som generelt har små areal å boltra seg på i landskapet.

## Kulturlandskap

Funn frå Vestlandet viser at husdyrbruket har ei historie på rundt 4000-4500 år rundt Bergenskanten. Det er grunn til å tru at jordbruket i Eide også er fleire tusen år gammalt. Gammalt kulturlandskap er ofte det mest artsrike. I Eide er det kjent nokre naturbeitemarker, men ikkje blant dei mest artsrike. Elles er det kjent kystlynghei og artsrike vegkantar.

## Kystlynghei

Dei eldste kjende lyngheiområda på Vestlandet vart skapt av brenning for rundt 4300 år sidan (Kaland 1986). Brenning eller sviing av lynghei vert ikkje lenger utført i Eide så vidt eg kjenner til. Dette er ei gammal driftsform i kyststrok heilt frå Portugal til Lofoten. I våre dagar er det derimot attgroing som pregar dette landskapet. Frå Portugal til Sørvestlandet er lyngheiane i våre dagar også påverka av nitrogen-nedfall, som gjer at lyngen dels vert oppeten av lyngbladbiller, og dels utkonkurrert av grasartar som smyle og blåtopp. Det europeiske lyngheilandskapet har dermed sine siste intakte utpostar på Vestlandet og i Trøndelag. Her opplever ein også mykje attgroing. Fremstad m. fl. (1991) skildra overflatisk nokre få mindre lokalitetar i kommunen (rundt Gaustadvågen). I tillegg har underteikna avgrensa ein

lokalitet til ved Vevang. Dessutan finst fleire område nord og sør for Gaustadvågen som kunne vore avgrensa, men som er i attgroing og dels noko oppsplitta.

## ***Naturbeitemark***

Mange stader har det ofte danna seg grasdominert vegetasjon som følgje av beiting. I utmark på udyrka eller lett overflatedyrka jord har ein i lang tid, kanskje tusenvis av år sleppt dyra på slikt beite år etter år. I periodar kan det og ha vore drive slått på slike stader. Beitemarkar som er lite påverka av jordarbeiding og gjødsling, kallar ein naturbeitemark. Her finn ein ei rekkje engplanter, og da særleg om jorda er kalkrik. Her finn ein også ei rekkje artar av beitemarkssopp. Mange av desse er sterkt truga av at leveområda forsvinn i heile Europa. Anten vert jorda dyrka og drifta intensivt, eller drifta opphøyrer med attgroing som konsekvens. I Eide er det framleis område som er intakte, beita av anten sau eller storfe. Det vil vera ei stor utfordring å bevare kontinuiteten i denne driftsmåten slik at mangfaldet som lever her vert teke vare på.

## ***Artsrike vegkantar***

Vegkantar kan etter kvart få ein flora som liknar tradisjonelle slåtteenger, og i mange distrikt er vegkantane siste tilfluktsstaden for einskilde sjeldne engartar. I Eide finst fleire stader kalkrike vegkantar med sjeldne og konkurransesvake planteartar. Dette gjeld særleg eit par vegstrekingar ved Vevang. Ein har ikkje prioritert å leita etter denne typen i heile kommunen.

## ***Myr***

Eide har 23 km<sup>2</sup> myr. Myr kan dannast i eit fuktig og kjøleg klima der nedbøren er vesentleg større enn fordampinga. Vassmetting av jorda gjer oksygenutvekslinga dårleg og nedbrytinga går da så sakte at organisk materiale hopar seg opp og dannar torv. Eide har fleire større myrområde. Myrene har i uminnelege tider vore utnytta til brensel ved at ein har spadd torv, tørka og brukt til fyring istaden for ved. Myrene er derfor oftast ikkje utan inngrep, men prosessen med myrdanning dekkjer etter kvart over gamle torvuttak. På 1900-talet har myrene vorte nytta til dyrking mange stader, dette gjeld også i Eide. Myrtypar og verdifulle myrlokaltetar er skildra av Moen (1984) og Fylkesmannen i MR (1988a). Ein skiljer særleg mellom nedbørsmyr, der all næring kjem med nedbøren, og jordvassmyr, der vatn i kontakt med mineraljord gjer næringstilgangen for plantene betre. Jordvassmyr deler ein inn etter ein pH-gradient slik at ein skiljer mellom fattigmyr, intermediermyr og rikmyr. Ein kan og dela inn etter terrengformer m.m., t.d. bakkemyr og planmyr. Nedanfor er nokre prioriterte typar etter DN (1999a) skildra.

## ***Høgmyr***

Høgmyr er ein type nedbørsmyr der det høgaste punktet ligg inne på myra. Desse er danna i flatt terreng ved at eit torvlag byggjer seg opp i høgda utan å verta brote ned. Langs kysten brukar ein ofte neminga atlantisk høgmyr, som gjerne er nokså flat og vid med mange "kuplar". I Eide finst fleire myrkompleks med innslag av høgmyr.

## ***Rikmyr***

Jordvassmyrer med høg pH kallast rikmyr. Slike myrer har ein særmerkt flora av planter og mosar. I Eide finst mindre rikmyrer i område som er påverka av kalkrikt sigevatn. Utanom Eide finst rikmyr i vårt fylke særleg på Nordmarka (Surnadal og Rindal) og elles spreidde småflekker i ein del andre kommunar.

## ***Ferskvatn***

I Møre og Romsdal er det synleg vel 24000 stillestående ferskvassførekomstar på kart i målestokk 1:50 000. 66 av desse vatna ligg i Eide (6,2 km<sup>2</sup>). Fleire av vatna i Eide er store låglandsvatn med høgt artsmangfald, noko det elles er lite av i fylket. Desse vatna er dels mesostrofe (litt næringsrike). Deler av mangfaldet knytt til einskilde ferskvasslokaltetar i Eide må seiast å vera etter måten godt kjent, sidan det er gjort fleire dels grundige undersøkingar av Nåsavassdraget og dels Einsetelva/Vasskordvatnet. Små fosseenger førekjem truleg ved Tussfossen sør for Ugelstad, men dette er ikkje undersøkt.

## ***Rike kulturlandskapssjøar***

Med rike kulturlandskapssjøar meinest låglandsvatn i eller nært inntil kulturlandskapet med god næringstilgang og ein rik flora og fauna. Ein del av dei større vatna som i tillegg mottek avsig frå jordbruksområde høyrer hit. Nåsavatnet, Vasskordvatnet og Lyngstadvatnet er eksempel på denne typen, med dels frodige og kraftige takrøyr og sjøsvaksbelte, i tillegg til ein generelt artsrik flora av vassplanter.

## ***Viktige bekkedrag***

I Eide finst mange rolegflytande bekkar med m.a. rik flora av vassplanter. Fleire av dei som er undersøkte, er klassifisert som "viktige bekkedrag". Fleire av desse har bestandar av den internasjonalt truga elvemuslingen. Det står

att å undersøkje svært mange lokalitetar før ein kan seia å ha oversikt over denne naturtypen. Somme elvemuslinglokalitetar fekk ein opplysningar om seint i prosjektet, slik at det ikkje vart tid til å sjekka status i felt.

## Skog

Eide har totalt 59 km<sup>2</sup> skog. Av dette er det mykje bjørkeskog, men det er og ein del furuskog, og noko granplantefelt. I tillegg finst leplantingar, m.a. med sitkagran.

### *Rik edellauvskog*

Edellauvskog er skog med vesentleg innslag av edellauvtre som hassel, alm og svartor. Alm er varmekrevande og finst mest oppunder bratte hamrar, ofte sør- til vestvendt. I Eide er det funne alm berre nokre få stader (Bjerga ved Visnes, under Salknappen ved Ugelstad, og i Herkedalen), og alle stader sparsam. Elles finst det litt hasselskog, men også denne nokså sparsam. Generelt må ein seia at Eide er ein av dei kommunane i fylket som har lite edellauvskog.

### *Kalkskog*

Kalkskog er skog som veks på grunn som gjev høg pH, t.d. kalkstein. Slik skog inneheld ofte eit stort og sjeldan artsinventar av kalkkrevande artar. Sidan Eide har ein del kalkstein vil ein forventa at det og er noko kalkskog. Likevel er det ikkje funne særleg mykje kalkskog, truleg fordi det er relativt små areal med kalkstein i dagen under skoggrensa, og desse har i stor grad vorte utnytta til kalkbrot. Ved Visnes er det små areal kalkrik skog på nordsida av fjellet mot Visnes. Dei kalkskogsareala som er skildra i tidlegare publikasjonar, med funn av m.a. kalktelg, er ikkje attfunne, og ein reknar med at dei er gått tapt i dagbrudda. Somme stader i liene kjem det fram kalkrikt sigevatn som forårsakar små lokale lommer med kalkpåverka vegetasjon. Det krevst mykje tid å leita etter slike småflekkar.

### *Gammal lauvskog*

Fleire stader i Eide finst gammal bjørkeskog med ein del innslag av daud ved. Dersom slik skog også ligg nord- til noraustvendt og fuktig, vil ein kunne få inn ein flora av krevande lav- og moseartar knytt til slike miljø. Dette gjeld mellom anna sjeldne skorpelavartar som *Arthonia arthonioides* og kvithovudnål *Cybebe gracilenta*. Desse er kandidatar til ei framtidig revidert raudliste. Andre liknande artar som ikkje er like sjeldne er gammelgranlav *Lecanactis abietina*, *Thelotrema lepadinum*, vortenål *Chaenotheca chlorella* og skrukkelav *Platismatia norvegica*.

### *Gammal barskog*

Gammal furuskog finst det litt av i Visneslia, og nokre flekker i Aksellia ved Lyngstad. Generelt er det sparsamt med skog der det finst gamle gaddar, høgstubbar og læger i ulike aldrar og nedbrytingsgrad. Mengda av slike element er kritisk for mange artar i skogen. Det har ikkje vore tid til ei grundigare undersøking av slike artar, men Visneslia reknar ein med har potensiale for einskilde gammelskogartar av m.a. barksopp.

## Rasmark, berg og kantkratt

Denne hovudnaturtypen forbind ein vel mest med indre dalstrok med bratte fjellsider. I Eide førekjem mindre område av naturtypen "sørvendte berg og rasmarker" som sørvendte knausar med tørketolande planter m.m. Nokre av desse er også kalkrike. Rasmarker i fjellet vert handsama som naturtypen "kalkrike område i fjellet". Mest interessant i Eide er likevel typen "nordvendte kystberg", som er skildra av Gaarder m.fl. (2001). I Eide er det særleg hamrane på nordsida av Snipa ved Nåsavatnet som utmerkar seg. Her finst ei rekkje mosar, planter og lavartar som krev høg luftfuktigheit og mild vinter, dei er med andre ord oseaniske. Den aller mest spesielle arten i dette følgjet er torntvibladmose *Scapania nimbosa* (sjå framsida) som her har sin einaste intakte lokalitet i Skandinavia. Andre spesielle artar er hinnebregne, kystmaigull, dronningmose, prakttvibladmose m.fl. Ein mindre artsrik lokalitet ligg ved Gautvika. Det kan finnast fleire slike lokalitetar i Eide, og nokre potensielle stader er opplista i tabell 7. Desse er ikkje prioritert å undersøkje, sidan dei reknast for å vera lite truga av menneskelege aktivitetar.

## Fjell

Eide har ein del fjell, faktisk ganske mykje til å vera ein kystkommune. I tillegg finst ein del kalkrike område i desse fjella, dels med kalk og marmor i dagen. Den einaste naturtypen som skal kartleggast heiter "kalkrike område i fjellet". Dette har Eide ein god del av, særleg i området ved Sandnestindane. Desse områda er mellom dei rikaste fjellplanteområda så nær kysten i Sør-Noreg, og huser ei rekkje sjeldne artar som t.d. stivsildre og lappaugnetrøst. Elles i kommunen finst nok sannsynlegvis fleire flekker av denne typen, utan at ein har prioritert å bruka tid på leiting.

# LOKALITETAR

Databasen over verdifulle naturområde i Eide kommune omfattar ved slutføring av dette prosjektet 43 lokalitetar. Mange var kjent frå rapportar m.m. publisert dei siste åra, men mange av dei har også kome fram gjennom dette prosjektet. Rundt 12 av desse fanst i Naturbasen hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Etter lokalitetane kjem ei supplerande liste over område med dårlege data eller usikker status (tabell 7).

Lokalitetane er sorterte etter stigande lokalitetsnummer. Følgjande forkortingar er nytta på personar: AM=Asbjørn Moen, DH=Dag Holtan, FO=Finn Oldervik, GGa=Geir Gaarder, JBJ=John Bjarne Jordal.

## 1 Vevang (kystlynghei)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1551-1
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 110-123, 862-872
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 20-30 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap, myr
<b>Naturtype:</b>	Kystlynghei, intakt låglandsmyr
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av beiting, fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	10.08.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg ved Vevang og er eit større område med kystlynghei i attgroing. Lokaliteten er likevel avgrensa fordi det synest å vera det største og best utvikla lynghei-området som er att i kommunen. Kystlynghei er ein kulturbetainga naturtype som i Europa finst frå Biskaya til Lofoten, men som er i sterk endring (attgroing, forureining), og som er best utvikla og mest intakt på Vestlandet og i Trøndelag.

*Vegetasjon:* Tørr og fuktig kystlynghei, litt fattigmyr, små areal med intermediær myr, smådammar, litt tørrare bergknausar.

*Kulturpåverknad:* Grenser til veg i nord og sør, dyrkingsfelt i sørvest, bustadfelt i nordaust og søraust m.m. Litt leplantingar av m.a. sitkagran i sør, m.a. i og ved Djupdalen.

*Artsfunn:* Det vart funne kvitmyrak, men i det heile berre vanlege artar, som forventa, t.d. torvull, pors, klokkelyng, dvergbjørk, øyrevier, smalsoldogg og rome. Artar i intermediær myr m.a. kornstorr og loppestorr. Artar i dammar: kysttjønnaks og krypsiv. Kystlynghei er ofte relativt artsfattig, det er naturtypen som er i sterk tilbakegang på grunn av omleggingar i jordbruket. Det vart funne dronningmose i ei lita bergkløft, ein relativt fuktrevande, kystbunden mose.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten kanskje ikkje tilfredsstillar kriteria til B.

### Skjøtsel og omsyn

Beiting skulle vore teke opp att, og forbusking og spreing av ulike tre og buskar motverka.

## 2 Veggen Skottheimsvik-Vevang (artsrike vegkantar)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1551-2
<b>Kartblad:</b>	1321 III Bremsnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 110-120, 868-870
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 10-15 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Artsrike vegkantar
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing, gjødsling, tekniske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	14.07.2003, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten består av ei strekning av kantsonene til den lokale grusvegen mellom Skottheimsvik og Vevang. Generelt førekjem det ein del artsrike vegkanter på ytre deler av Romsdalshalvøya, som m.a. kan vera rike på kravfulle og regionalt uvanlege orkidéar og søte-artar. Kalkrevande artar som rundskolm og vill-lin dominerer ofte, og på hausten kan kravfulle beitemarkssopp dukke opp, spesielt raudskivesopp.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er ein mosaikk av frisk fattigeng og meir kalkrike engtypar.

*Kulturpåverknad:* Vegkantane har vorte til ved vegbygging. Dette har skapt open mineraljord som er siste tilfluktsstad for einskilde sjeldne engartar som tidlegare må ha vore vanlege i tradisjonelle slåtteeenger i distriktet.

*Artsfunn:* Den registrerte vegkanten er ganske artsfattig, men inneheld fleire av dei kravfulle artane. Det vart notert vill-lin, rundskolm, svarttopp, jåblom, brudespore, storblåfjør, gulsildre og rypebær. Innslag av muleg kystengcall på strekninga.

*Verdsetting:* Ingen raudlisteartar førekjem, og sjølv om artsmangfaldet er ganske høgt, er det påvist fleire vegkanter i distriktet med høgare mangfald og meir sjeldne og truga artar. Den avgrensa lokaliteten er heller ikkje spesielt stor. Isolert sett får han derfor berre verdien C (lokalt viktig).

#### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er å slå vegkantane årleg, helst seint i sesongen. Tilsåing med framant grasfrø, og attveksing med kratt og busker langs kantane er uheldig.

### 3 Vevang: ved Orøy-Roparhaugen (dam)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1551-3
<b>Kartblad:</b>	1321 III Bremsnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 1191 8713
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 1 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn/våtmark
<b>Naturtype:</b>	Dammar
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	10.08.2004, JBJ

#### Områdeskildring:

*Generelt:* Lokaliteten er ein liten ferskvass-dam i ein bekk som renn ut mellom Orøy-Roparhaugen og grusvegen Skotten-Vevang. Dammen ligg i eit noko kalkrikt og skjelsandpåverka område, og er også frå tid til annan påverka av saltvatn og tang fordi han ligg like ved sjøen, berre rundt 1 meter over flomålet. Det vart observert tang på botnen.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen i dammen er dominert av langskotplanter.

*Kulturpåverknad:* Liten så langt ein kunne observera.

*Artsfunn:* I dammen vart det funne kysttjønnaks, trådtjønnaks, flotgras, og den uvanlege kransalgen skjørkrans *Chara delicatula*. I tillegg vart det funne eit ubestemt tjønnaks som likna på butt-tjønnaks. Dessutan vart det sett fleire artar av augestikkarar (ikkje artsbestemt).

*Verdsetting:* Den avgrensa lokaliteten er heller ikkje spesielt stor, men har nokre interessante artar. Han vert førebels plassert i kategori C (lokalt viktig) fordi han kanskje ikkje tilfredsstillir kriteria til B.

#### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er at dammen vert liggjande mest muleg urørt slik han er.

### 4 Vevang: Rishaugen (artsrike vegkantar)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1551-4
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 117-123, 862-865
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 20 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Artsrike vegkantar
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	11.08.2001, GGa, FO, 10.08.2004, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg langs Rv. 663 på nordsida av Sandblostvågen, vest for Vevang. Flekkvis langs vegen og dels i nedkant av den, er det innslag av interessante plantesamfunn.

*Vegetasjon:* I omgjevnadene her er det for det meste attgroande lynghei i mosaikk med myr og kulturenger. Det meste av vegetasjonstypene er ordinære, men langs vegen og på mindre myrflækker er det klare teikn på relativt basekrevande plantesamfunn med m.a. breiull.

*Kulturpåverknad:* Dette er del av eit tidlegare kulturlandskap som no er i generell attgroing, men delar av kulturengene vert framleis haldne i hevd.

*Artsfunn:* Eigne notatar m.a.: breiull, dvergjamne, engstorr, fjellaugnetrøst, grønstorr, gulsildre, gulstorr, hårstorr, jåblom, kystengcall cf., loppestorr, myrsnelle, rundskolm, shetlandsaugnetrøst, storblåfjør, vill-lin. Følgjande artar vart i tillegg funne i 2001: blåstorr, fjelltistel, trillingsiv. Innslaget av fjellplanter var overraskande høgt, og særleg trillingsiv er sjeldsynt i låglandet ut mot kysten. Er kystengcall rett bestemt, er dette i så tilfelle truleg ein av dei nordlegaste kjende lokalitetane.



*Verdsetting:* Området bør verdsetjast til B (viktig) på grunn av stort artsmangfald. Dersom det er kystengkall (raudlistear) som vart funnen her vil dette underbyggja denne verdisettinga.

#### Skjøtsel og omsyn

Det er viktig å slå vegkantane kvar ettersommar (ikkje for tidleg) og helst fjerne graset. Ein bør vere varsam med fysiske inngrep. Det hadde vore positivt om hevdn av lynchheiane vart teken opp at med husdyrbeite.

## 5 Vevang: Risestølen (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1551-5
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 131 865
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 10 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av beiting, fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	10.10.1993, GGa (Jordal & Gaarder 1993)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på nordsida av straumen som fører ut frå Sandblastvågen. Her finst m.a. beita einerbakkar som ved besøket såg ut til å vera i god hevd. Truleg kalkinnslag i grunnen, einskilde plantefunn tyder også på dette.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4).

*Kulturpåverknad:* Beiting i 1993. I forbifarten vart det også observert storfe på staden også i 2004. Lokaliteten er derfor intakt.

*Artsfunn:* Middels artsrikt i 1993 med 12 artar av beitemarkssopp. Funn av dei raudlista beitemarkssoppene russelærvokssopp *Hygrocybe russocoriacea* og sleip jordtunge *Geoglossum glutinosum* (begge DC=omsynskrevande).

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei velutvikla naturbeitemark med eit par raudlistearter i lågare kategori.

#### Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør beitast også i framtida.

## 6 Vevang: Mannsholmen (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1551-6
<b>Kartblad:</b>	1321 III Bremsnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 148-152, 874-875
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 1-10 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av beiting
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Naturbasen 155100700, 28.07.2004, JBJ (teleskop frå land)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg søraust for Straumsholmen ved Vevang og er ein grasdominert holme med eit par små haugar, lågast på midten.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng, fuktig fattigeng med storfrytle. Rundt halvparten av arealet er grasdominert, resten er dels storfrytledominert (30-40%), men det er også litt røsslyng.

*Kulturpåverknad:* Dette er truleg ein gammal beiteholme. Sauer på beite vart observert 28.07.2004.

*Artsfunn:* Plantelivet er ikkje undersøkt. Holmen er hekkestad for fiskemåse, gråmåse, svartbak, terne, ærfugl og skjærpiplerke (Naturbasen)

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei intakt naturbeitemark som kanskje ikkje tilfredsstillar kriteria til B.

#### Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør beitast.

## 7 Vevang: Gaustadvågen naturreservat (brakkvassdelta, brakkvasspoll)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1551-7
--------------------------	--------

<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide, 1321 III Bremsnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 11-12, 85-85
<b>Høgd over havet:</b>	0-2 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst, kulturlandskap, ferskvatn
<b>Naturtype:</b>	Brakkvassdelta/brakkvasspoll, undervassenger, grunne straumar, strandeng og strandsump, kystlynghei, viktige bekkedrag
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende (verna 27.05.88)
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Kristiansen (1974), Skogen (1975), Fylkesmannen i MR (1982), Holten m. fl. (1986b), Fremstad m. fl. (1991), 29.08.1999, Siste sjanse-utford, 09.12.2000, JBJ & GGa (Langangen m. fl. 2001), Naturbasenummer: 155105911

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ein elvemunningsvåg ved utløpet av Kornstadvågen, og ligg delvis i Fræna (Sandblåstvågen, dvs. indre, sørvestlege del) og delvis i Eide kommune (resten). Den delen av reservatet som ligg i Eide er avgrensa som ein kompleks lokalitet identisk med reservatgrensene. Lokalitetsskildringa er delvis felles for heile lokaliteten (begge kommunane), slik han er undersøkt og skildra av kjeldene. Dette er det mest utprega "estuariat" i fylket og heilt unikt i utforming og storleik, med store verdiar innan botanikk, zoologi og kvartærgeologi. Store tidevassoner og strandenger i eit småkupert kystlandskap. Lokaliteten er Ramsarområde som rasteplass for fugl på trekk og for hekkande våtmarksfugl, og grensar til Knarrashaugmyra myrreservat. Området omfattar 1648,4 da i Eide kommune. Grunnlaget for den rike fuglefaunaen er eit rikt planteliv og stor biologisk produksjon. Plantelivet er undersøkt av Kristiansen (1974) og Holten m. fl. (1986b). Lyngheiane som er skravert på kart av Fremstad m. fl. (1991), ligg alle i Eide kommune (i dag dels påverka av sitkagran-plantingar og attgroing). Desse er innteikna på Knarrashaugen (sør for Gaustadvågen), på Krokneset (nord for Gaustadvågen) og ved Mjølkestølhammaren innanfor reservatet. Like utanfor reservatet er det skravert eit par lyngheiområde opp mot riksvegen på nordsida ved Haltbrekkaugen og Kvilarberget, men desse er ikkje avgrensa særskilt (jf. likevel artsrike vegkantar). Fuglelivet er skildra i ei rekkje titlar, men ei viktig oppsummering er Fiske & Gylseth (1985).

*Vegetasjon:* Samla sett artsrike strandenger og undervassenger med fleire sjeldne artar og samfunnstypar, m.a. undervassenger av tjønnaksutforming med trådtjønna og bust-tjønna, undervassenger av kranalgeutforming (svært sjeldan i fylket), raudsvingel-grusstorreng og tre ulike utformingar av bakre fuktenger. Svært stor variasjon i samfunnstypar (for fleire detaljar sjå Holten m. fl. 1986b).

*Kulturpåverknad:* Grensar til dyrka mark og vegar. Dyrka mark finst og innanfor reservatet. Noko av dei omgjevande myrene er dyrka. Beiting av storfe somme stader, gjerde. Beitinga er truleg med på å skapa variasjon og er positiv for naturverdiane. Litt avfall.

*Artsfunn:* Holten m. fl. (1986b) har laga 3 artslistar, to av desse gjeld Eide-delen av området, den eine gjeld utløpsområdet Vågen, den andre Gaustadvågen. I Vågen er det av Holten funne 49 planteartar (nokså artsfattig), i Gaustadvågen 61 planteartar (middels artsrik). Busttjønna, trådtjønna og bogeminneblom er oppførte som uvanlege artar. Bust-tjønna er ein typisk brakkvassplante som er funne både i vestre og austre del av Gaustadvågen (Holten m. fl. 1986b, AOF 16.08.1972, herb. TRH, 09.12.2000, JBJ). Dei sjeldne havsivaks (kjelde: AOF) og pollsivaks (29.08.1999, Siste sjanse-utford, i gruntvassområdet ved MQ 129 851 og MQ 126 852) er også funne. 09.12.2000 vart det (av underteikna) funne to raudlista kranalgar i austre del av Gaustadvågen, den eine er hårkrans *Chara canescens* (raudlistekategori E, direkte truga), den andre bustkrans *Chara aspera* (raudlistekategori R, sjeldan) (Langangen m. fl. 2001). Dette er artar som dels er knytt til brakkvatn med nokolunde stabilt saltinnhald. Særleg hårkrans er sin svært kravfull og sjeldan art. Den langt vanlegare skjørkrans *Chara delicatula* vart også funnen. Andre artar: blåstorr og engstorr. I utløpet frå Sandbløstvågen er det funne tomme elvemuslingskjel, men det ligg ikkje føre opplysningar om levande skjel i t.d. Sandbløstelva (kjelde: Arnkjell Lindseth).

*Verdsetting:* Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er del av eit stort, artsrikt og svært variert estuarieområde som er eineståande i regional og nasjonal samanheng, med førekomst av fleire raudlisteartar, dels i høgare kategori. I tillegg kjem verdien som viltområde, som er sett til internasjonal (Ramsarområde).

### Skjøtsel og omsyn

Her gjeld forskriftene for reservatet. Det kunne ha vore laga ein forvaltningsplan for området.

## 8 Vevang: sør for Mjølkestølen (høgmyr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1551-8
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 12 85
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 5-20 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Høgmyr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Moen (1984), 17.12.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på nordsida av Gaustadvågen inntil reservatet, og er eit myrområde med innslag av atlantisk høgmyr, elles planmyr, og oppsplitta av knausar med grunnlendt kysthei. Lokaliteten ligg i eit større, stort sett ope kystheiområde nord og sør for Gaustadvågen, oppsplitta av riksveg, driftsvegar, dyrka mark m.m. Det som er avgrensa, er stort sett berre myr.

*Vegetasjon:* I myrpartia er det dels fattigmyr, dels nedbørsmyr (særleg på tuver og høgmyrområde) (berre flybildetolka av Moen 1984). Det er betydelege erosjonsfurer, og stadvis ganske høge tuver. Knausane er stort sett utelett i det avgrensa området.

*Kulturpåverknad:* Myra er i nord og søraust avgrensa av dyrka mark, elles grensar det i søraust til eit lebelte med sitkagran. Området er truleg tidlegare beita, men elles er det i det avgrensa område ikkje mange spor etter inngrep.

*Artsfunn:* Berre vanlege artar som kvitmyrak, dvergbjørk, klokkelyng m.m. vart notert.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det her er innslag av intakt høgmyr.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## 9 Knarrashaugmyra naturreservat (høgmyr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1551-9
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 12-13, 84
<b>Høgd over havet:</b>	5 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Intakt høgmyr, intakt låglandsmyr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende (verna som naturreservat 13.12.96)
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	24.06.1975, AM (Moen 1984), Naturbasenummer 155105918

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg inntil Gaustadvågen, og har eit mindre høgmyrområde. Han består av tre ombrotrofe myrparti splitta av fastmark og bekkar. To av desse myrpartia er planmyrar medan det tredje har svak kvelving og må sjåast som atlantisk høgmyr. Knarrashaugmyra er representativ for området, og medan dei fleste andre myrane i området er sterkt påverka av grøfting eller torvtekt er Knarrashaugmyra intakt. Den er også spesiell av di ho ligg berre 5 moh. Dette er ekstremt lågt for slike myrtypar. Området er verna som naturreservat og grensar til Gaustadvågen-Sandblåstvågen naturreservat. Arealet er 192,2 da.

*Vegetasjon:* Ombrotrof tuvevegetasjon dominerar, men kring dei ombrotrofe partia ligg mindre område med minerotrof myr, av flatmyrtypen.

*Kulturpåverknad:* Myra er i sør avgrensa av dyrka mark.

*Artsfunn:* Det vart funne einskilde indikatorar på rikare tilhøve som loppestorr, gulsildre, bjønnbrodd og kystmyrklegg, elles ingen spesielle artar.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at lokaliteten har mindre område med intakt høgmyr. Fleire ulike typeområde av myr er ikkje prioriterte naturtypar i DN (1998a).

### Skjøtsel og omsyn

Her gjeld reservatforskriftene.

## 10 Gautvika (sandstrand)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1551-10
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 147-150, 835
<b>Høgd over havet:</b>	0-2 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Sandstrender, tangvollar, strandeng og strandsump
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	10.08.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg ved Gautvika og inneheld sandstrand, tangvollar og litt strandeng (ca. 10%).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er driftvollsamfunn med mjøduert, ein liten strandrugbrem eit par meter brei mot dyrka mark, og i aust litt saltsivenger m.m.

**Kulturpåverknad:** Relativt liten. Det er rydda stein for å gjera lokaliteten finare som badestrand (kjelde: J. O. Gautvik). Elles eit par naust med støer i aust, grensar til dyrka mark i sør.

**Artsfunn:** Det vart m.a. notert amerikamjølke, fjøresaltgras og ishavsstorr.

**Verdsetting:** Lokaliteten vert verdsett til C (lokalt viktig) fordi han truleg ikkje fyller kriteria for B.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør ikkje utføra treslagskifte. Det beste for naturverdiane er at det vert hogge minst muleg. Lokaliteten er bratt og truleg mindre aktuell for intensiv skogsdrift.

## 11 Ved Gautvika, under Lyngstadjellet (nordvendte kystberg)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1551-11
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 153-154, 825-826
<b>Høgde over havet:</b>	20-100 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Nordvendte kystberg
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjente
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	17.12.2004, JBJ

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ligg i ei nordvendt fjellside sør for Gautvik Steinindustri, og har svært fuktig lokalklima. Her er bratte, nordvendte berghamrar som er beskytta mot kveldssola og vestavinden av ein fjellnase i vest. Snø-, is- og steinsprang påverkar vegetasjonen i og under berget. I slike nordvendte kystberg er det fuktkevande kystartar av planter, mosar og lav som er mest interessante

**Vegetasjon:** Under berga er det litt glissen raspåverka bjørkeskog. Det er mykje påvekst av mosar på lauvtra.

**Kulturpåverknad:** Liten i sjølve lokaliteten. Vest og nord for lokaliteten er det planta gran, men dette påverkar truleg lokalklimaet i bergerota i liten grad.

**Artsfunn:** Fleire kravfulle moseartar veks her (oseaniske/fuktkevande), m.a. skjermose *Apometzgeria pubescens* og dronningmose *Hookeria lucens*, elles meir vidt utbreidde artar som stortujamose, fjørmose, kystjammemose, kysttornemose, krusfagermose, storstylte, krokodillemose, raudmuslingmose, stripefoldmose, kystkransmose, skuggehusmose og spriketormose. Dessutan har Kristian Hassel, NTNU, bestemt ein del tilsendte mosar i tillegg (sjå vedlegg), mellom desse kysttvibladmose *Scapania gracilis*. Av planter må særleg nemnast kystmaigull i gode bestandar. Artar som gulsildre og raudsildre er ganske vanlege. Elles vart det funne skogkarse, enghumbleblom, skjørlok, dvergjamne og svartburkne.

**Verdsetting:** Lokaliteten får verdi lokalt viktig (C) fordi han kanskje ikkje tilfredsstillar kriteria til B. Betre undersøkingar kan gje grunnlag til å setta verdien høgare.

### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg at området får liggje i fred for inngrep. Gran bør ikkje plantast nærare berget enn i dag, for dette vil kunne endra fukttilhøva.

## 12 Gådalen: aust for Årøyane (myr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1551-12
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 135-139, 816-821
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 110-120 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Intakt låglandsmyr
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	09.08.2004, JBJ (jf. Moen 1984)

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ligg i dalføret mellom Lyngstad og Gådalsvatnet. Dalen er dominert av myr, men ein del er dyrka opp eller drenert (det gjeld t.d. lokalitet omtala av Moen (1984) og Fylkesmannen i MR 1988). I dalbotnen skildrar Moen (1984) generelt planmyr, flatmyr og øyblandingsmyr, i kantane terrengdekkjande myr og bakkemyr. Det som her er avgrensa er ein restlokalitet på austsida av vegen til Gautvika, mot Gautviklia. Lokaliteten har store tuver og haugar opp til 1,5 meter høge. Det vart observert fururøter i myra.

**Vegetasjon:** Tuvevegetasjon dominerer både dei ombrotrofe og dei minerotrofe delene, som det ofte er vanskeleg å setta grenser mellom, med m.a. røsslyng, torvull og gråmose.

**Kulturpåverknad:** Grensar til veg. Få tekniske inngrep i det avgrensa området.

*Artsfunn:* Det er berre notert vanlege planteartar som torvull, bjønnskjegg, dvergbjørk, røsslyng og klokkelyng.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

### 13 Gådalsvatnet (ferskvatn)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1551-13
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 124-130 807-816
<b>Høgde over havet:</b>	134 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn/våtmark
<b>Naturtype:</b>	Rike kulturlandskapssjøar
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, forureining
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Ørjavik (1972), 09.08.2004, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Gådalsvatnet ligg nord i Eide kommune, og drenerer til Gaustadvågen.

*Vegetasjon:* Vatnet har flyteblad- og langskotvegetasjon (P1, P2).

*Kulturpåverknad:* Grensar til dyrka mark og vegar. Det har vore gjort kalkingsforsøk (Ørjavik 1972).

*Artsfunn:* Planter (Ørjavik 1972): soleinykkerose og eit smalblada tjønnaks. Eigne funn: klovasshår, soleinøkkerose, stivt brasmegras, storblærerot, trådtjønnaks. Elles er det funne ein ubestemt kransalge av slekta glattkrans, *Nitella* sp.

Fisk: aure.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og forureining.

### 14 Melen (rik fjellvegetasjon)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1551-14
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 105-109, 809-811
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 620-720 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Fjell
<b>Naturtype:</b>	Kalkrike område i fjellet
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	27.06.1990, J. I. Holten (pers. medd. 2003), Hans Erik Wold (pers. medd.)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg i sørhellinga nær toppen av fjellet Melen, og består av eit område med baserik berggrunn. Mykje av lokaliteten ligg i Fræna, men den austlege delen ligg i Eide.

*Vegetasjon:* Reinrosehei (R3c) med mykje reinrose.

*Kulturpåverknad:* Liten.

*Artsfunn:* Utanom reinrose har ein lite data.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit område med reinrosehei, men relativt få andre artar.

#### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle.

### 15 Lyngstadvatnet (rik kulturlandskapssjø)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1551-15
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 164-170, 793-806
<b>Høgde over havet:</b>	36 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn/våtmark
<b>Naturtype:</b>	Rike kulturlandskapssjøar
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, forureining

**Undersøkt/kjelder:** Folkestad (1978), 10.08.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Gådalsvatnet ligg ved Lyngstad, og drenerer til Lyngstad med ein meandrerande bekk.

*Vegetasjon:* Vatnet har flyteblad- og langskotvegetasjon (P1, P2). Elvesnelle-storr-sump (O3) og takrør-sivaks-sump (m.a. sivaks-utforming, O5d).

*Kulturpåverknad:* Grensar til dyrka mark, eit naust. Vatnet syntest i 2004 å vera noko påverka av næringstilsig frå områda rundt. Av ting som tyder på dette var store mengder sjøsvivaks i vatnet, særleg langs vestsida, og observasjonar av grønske etter heile Lyngstadelva.

*Artsfunn:* Under eigne undersøkingar vart det funne m.a.: dikeminneblom, grastjønnaaks, klovasshår, kvit nøkkerose, sjøsvivaks, småtjønnaaks, stivt brasmegras, storblærerot, tjønnaaks, tjønngras og tusenblad. Tidlegare skal det også ha vore elvemusling i sjølve vatnet, nær utløpsosen (kjelde: John Olav Gautvik), men dette vart ikkje observert ved undersøkingane i 2004.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit større og noko næringsrikt låglandsvatn på kysten, i eit fylke som har relativt lite av slike lokalitetar. Dersom elvemusling førekjem i vatnet, kunne verdien vore sett høgare.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og forureining.

## 16 Lyngstadelva (viktig bekkedrag)

**Lokalitetsnummer:** 1551-16  
**Kartblad:** 1320 IV Eide  
**UTM (EUREF 89):** MQ 166 806 – 178 823  
**Høgd over havet:** 36-ca. 10 m  
**Hovudnaturtype:** Ferskvatn/våtmark  
**Naturtype:** Viktig bekkedrag  
**Prioritet:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, forureining  
**Undersøkt/kjelder:** 10.08.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lyngstadelva renn frå Lyngstadvatnet til Lyngstad i eit meandrerande bekkeløp. Her er avgrensa den delen som ligg mellom Lyngstadvatnet og riksvegen.

*Vegetasjon:* I bekken er det langskotvegetasjon og flytebladvegetasjon i rolege parti. I elvekantskogen er det dels gråorheggeskog med høgstauder (C3).

*Kulturpåverknad:* I øvre del nokså urørt reint fysisk, men det er ganske mykje grønske etter heile Lyngstadelva, særleg i nedre del. Dette tyder på avrenning frå tilsigsområda. Lokaliteten grensar i nedre deler til dyrka mark, vegar og busetnad.

*Artsfunn:* Mest interessant er førekomsten av elvemusling med ein bestand på mange hundre, kanskje over 1000 i øvre deler av vassdraget. I nedre deler var bestanden svært låg. Siste musling vart funnen rundt 50 m frå riksvegen.

Nedanfor riksvegen har det ikkje vore muslingar (kjelde: Finn Lyngstad). Av noterte planter i elva kan nemnast: engminneblom, flotgras, grastjønnaaks, klovasshår, kysttjønnaaks, mannasøtgras, småtjønnaaks, storblærerot, trådtjønnaaks og tusenblad. Langs elvekantskogen vart det notert m.a.: fjelltistel, kranskonvall, lappvier, skogkarse, slirestorr og sumphaukeskjegg. I og langs elva er det elles observert ferskvassvamp og fleire ulike augestikkarar. Det vart og sett padde og hoggorm langs elva i øvre deler.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av førekomst av den sårbare og freda elvemuslingen.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og forureining. Forureining trugar muslingane, særleg i nedre del der dei er mest borte. Det bør lagast ein forvaltningsplan for vassdraget. Elvemuslingen er freda og må få liggja i fred.

## 17 Aust for Lyngstadelva (myr)

**Lokalitetsnummer:** 1551-17  
**Kartblad:** 1320 IV Eide  
**UTM (EUREF 89):** MQ 166-171, 806-813  
**Høgd over havet:** ca. 35-40 m  
**Hovudnaturtype:** Myr  
**Naturtype:** Intakt låglandsmyr  
**Prioritet:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 10.08.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg i dalføret mellom Lyngstadvatnet og Lyngstad, på austsida av Lyngstadelva. Dalen er dominert av myr, men ein del er dyrka opp eller drenert. Det er planmyr, flatmyr og øyblandingsmyr. Eit tilsvarande myrområde rett på vestsida av Lyngstadelva er også intakt, men noko mindre, og er ikkje avgrensa.

*Vegetasjon:* Tuvevegetasjon finst både i dei ombrotrofe og dei minerotrofe delene, som det ofte er vanskeleg å setta grenser mellom, med m.a. røsslyng, torvull og gråmose.

*Kulturpåverknad:* Få tekniske inngrep i det avgrensa området.

*Artsfunn:* Det er berre notert vanlege artar som røsslyng, bjønnskjegg, torvull, dvergbjørk, kvitlyng, smalsoldogg og sveltstorr.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstiller kriteria til B.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## 18 Visneslia (gammal skog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1551-18
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 174-177, 793-806
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 200-340 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Gammal barskog, gammal lauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep og hogst
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	11.08.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg i Visneslia mot Lyngstadvatnet, relativt høgt oppe i lia. Lokaliteten er ei blanding av gammal furuskog og gammal bjørkeskog. Det er ein del furugadd og furulæger, det finst og høgstubbar, og elles ein del daud ved av bjørk.

*Vegetasjon:* Undevegetasjonen er dominert av vekselvis lågurter/småbregner (kvitsymre, fugletelg), dels av storfrytle, og dels av blåbær, dessutan små område med meir lågurtprega skog med eit visst baserikt preg, t.d. med enghumleblom. I vestlege deler vart det registrert spreidd hassel, men i austlege del er det eit parti med hasselskog (kjelde: Hans Erik Wold).

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten grensar til kalkbrotet i nord og hogstpåverka område i vest.

*Artsfunn:* Av planter vart det notert m.a. enghumleblom, harerug, kornstorr, loppestorr og myraugnetrøst som alle tyder på noko rikare vegetasjon, men jamt over var det trivielt artsutval av planter. Ifølgje Hans Erik Wold finst det ramslauk i hasselskogen i austlege del av lokaliteten. Ein går ut frå at lokaliteten har potensiale for gammalskogsartar av sopp, lav og mose, men dette har ikkje vore undersøkt.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit større område med eldre skog som truleg har potensiale for gammalskogsartar av sopp, lav og mose.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå skogsdrift og fysiske inngrep i områda med gammal skog.

## 19 Visnes, aust for steinbrotet (kalkskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1551-19
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 183-186 809-811
<b>Høgd over havet:</b>	60-100 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Kalkskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, skogsdrift
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	01.04.2000, GGa

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg nedst i den nordvendte lia til Silsetfjellet, rett innafor Visnes. Lokaliteten vert i vest avgrensa av inngrep knytta til kalkbrotet. Lokalitetskildringa er skriven av Geir Gaarder.

*Vegetasjon:* Det er mest middelaldrande lauvskog her, der bjørk dominerer. Nokre mindre berghamrar inne i skogen har innslag av bergknausvegetasjon. Særleg på og nær desse hamrane gjer den kalkrike berggrunnen tydelege utslag på artsmangfaldet, men også resten av lia er ganske frodig med spreidde innslag av edellauvskogsplanter.

*Kulturpåverknad:* Skogen er tydeleg påverka av tidlegare hogst. Kalkbrotet har truleg redusert arealet mot nordvest. I aust går lokaliteten dels over i fattigare skog og dels over i granplantefelt. Litt påverka av utrasing frå steinbrotet.

*Artsfunn:* Det vart funne fleire mosearter som trivst på kalk, som kammose, skjerfmose *Apometzgeria pubescens* og krusfellmose *Neckera crispa*. På berghamrane var i tillegg grønburkne vanleg. Ellers vart det av karplanter funne både junkerbregne, ramslauk og myske. Det er gjort fleire funn av til dels sjeldsynte kalkkrevjande karplanter i området tidlegare av andre fagfolk, som fjell-lok og kalktelg. Det kan ikkje utelukkast at desse også veks innfor den avgrensa lokaliteten.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) sidan det er tydeleg kalkgrunn her, samtidig som vegetasjonen ikkje er alt for sterkt påverka av inngrep. Fråver av funn av meir sjeldsynte og truga artar fører likevel til at verdien ikkje vert sett høgare.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane vil vere å la skogen få stå i fred, men ta vekk det som måtte kome opp at granplanter og platanlønn. Ein bør unngå dumping av steinmassar utfor kanten.

## 20 Visnes: Bjerga (edellauvskog m.m.)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1551-20
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 189-191 808-810
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 60-200 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, gammal lauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, skogsdrift, treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	15.03.1998, GGa, 11.08.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokalitetskildringa er dels skriven av Geir Gaarder, dels av J.B.Jordal. Lokaliteten ligg tilknytta ei lita aust- og sørvendt li i ei bekkekløft (Seterbekken) rett sør for Visnes, på nordsida av Nonstuva og aust- og søraustsida av Bjerga. Den avgrensa lokaliteten har dels fuktig lauvskog (kystbjørkeskog), dels meir soleksponert lauvskog med edellauvtre, og dels småhamrar, rasmarker og berg.

*Vegetasjon:* Det er planta noko gran i denne lia, men i den avgrensa lokaliteten er det mest eldre lauvskog med selje, bjørk o.l. og dessutan litt edellauvskog med hassel og spreidd alm, ein av dei få almekalitetane i Eide.

*Kulturpåverknad:* Setersti, framleis svakt beita av sauer, høyløemurar. Granplantefelt nedst i lia og i bekkekløfta til Seterbekken, tidlegare vedhogst.

*Artsfunn:* På lauvtree er det ein middels rik førekomst av lavararter frå lungenever-samfunnet (GGa), som lungenever, skrubbenever, grynfilflav, kystfilflav, vanleg blåfilflav, puteglye, ulike vrenger, og sparsamt med sølvnever og kystnever. Under egne undersøkingar (JBJ) vart det notert m.a. følgjande planteartar: bergfrue, blårapp, breiflangre, brunrot, fagerperikum, firblad, hengjeaks, hundekveke, junkerbregne, kratthumleblom, krattlodnegras, krossved, kystmaigull, liljekonvall, lundrapp, myske, nattfiol, rosenrot, sanikel, skogsalat, skogsvinerot, skogvikke, stankstorkenebb, svartburkne og trollbær. Det vart og funne einskilde meir eller mindre fuktrevande moseartar som dronningmose, kystjammemose, stripefoldmose, krusfagermose, skuggehusmose og stortujamose. Kystmaigull høyrer og til i dette selskapet. I ei selje gjekk lungenever heile 8 meter opp i treet. På ei lauvtre låg (truleg alm) vart det funne fleire rotevedmosar som fingersaftmose, larvemose og piggrådmose.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein fuktig og ganske frodig kystnær lauvskog med tilhøyrande typisk lavflora, og dessutan middels velutvikla rik edellauvskog med ein del varmekjære, og dels kystbundne planteartar.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane vil vere å la lauvskogen vera i fred. Granfelta bør etter avverking ikkje erstattast av ny gran.

## 21 Visnes: Lindsetsetra (rikmyr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1551-21
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 1854 8081
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 270 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Rikmyr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep (m.a. utfylling frå steinbrotet)
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	11.08.2004, JBJ



### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg like ved Lindsetsetra, og er ei ganske lita rikmyr ikkje langt frå steinfyllinga ved steinbrotet.

*Vegetasjon:* Rik fastmattemyr (M2).

*Kulturpåverknad:* Viktigaste inngrep i omgjevnadene er ei steinfylling av overskotsmasse frå Visnesbrotet, men denne berører til no ikkje lokaliteten. Tidlegare har her vore seterdrift, men no er det berre streifbeiting av sau som knapt er merkbar på vegetasjonen. Det går ein veg fram til setra.

*Artsfunn:* Det vart notert m.a. følgjande planteartar: breiull, dvergjamne, engstorr, grønstorr, hårstorr, jåblom, knegras, kornstorr, loppestorr, myraugnetrøst, myrsnelle, svarttopp og vill-lin.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei lita rikmyr men elles med fleire rikindikatorar.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane vil vere å la denne vesle myra liggja urørt.

## 22 Silsetfjellet: Nonstua (rik fjellvegetasjon)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1551-22
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 183-188, 799-802
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 400-500 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Fjell
<b>Naturtype:</b>	Rik fjellvegetasjon
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Arnkjell Lindseth (pers. medd.)

### Områdeskildring

*Generelt:* Nonstua sør for Visnes har rik fjellvegetasjon med reinrose om lag frå toppen og nordover/nedover i retning steinbrotet.

*Vegetasjon:* Lite data bortsett frå at det finst reinrosehei. Rapportforfattaren har sett basekrevande vegetasjon i kanten av steinbrotet lenger ned.

*Kulturpåverknad:* Det avgrensa området er lite påverka av inngrep, men lenger ned er tilsvarende vegetasjon sprengt bort i arbeid med steinbrotet.

*Artsfunn:* Det finst framleis bra med reinrose i denne fjellsida (kjelde: Arnkjell Lindseth).

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at dette er eit større område med reinrosehei, noko det generelt er lite av så nær kysten.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane vil vere å la området få ligge i fred for inngrep.

## 23 Silnes (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1551-23
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 202-204, 796-798
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 60-100 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark, hagemark
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av beiting, fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	10.10.1993, GGa (Jordal & Gaarder1993), 11.08.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg ved Silnes nord for Eide sentrum, like ovanfor vegen. Det er ei beitemark med spreidd tresetting av bjørk i øvre deler (bjørkehage). Beitemarka er inngjerda.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4).

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten vart beita av sau både i 1993 og 2004. Det er ein liten skogsveg i nedre deler. Setersti til Silnesettra. Deler av lokaliteten har kanskje vore gjødsla.

*Artsfunn:* Av planter vart det funne m.a. heiblåfjør og heistorr. Av beitemarkssopp vart det berre funne gul småkøllesopp.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstiller krava til B.

### Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør beitast også i framtida.

## 24 Sandnestindane (rik fjellvegetasjon)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1551-24
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 140 750
<b>Høgd over havet:</b>	300-864 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Fjell
<b>Naturtype:</b>	Rik fjellvegetasjon
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	20.07.2003 GGa, DH, 26.07.2003 GGa (Holtan & Gaarder 2003)

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokalitetskildringa er skriven av Geir Gaarder. Lokaliteten ligg i austre del av Sandnestindane, i den delen som tilhøyrr Eide kommune. Her er det fleire parti med kalkrik berggrunn, også rein kalkstein/marmor. M.a. er det innslag av ganske velutvikla karstlandskap. Avgrensinga må reknast som grov og førebels.

*Vegetasjon:* I nedre deler mot Hældalsvatnet i nordaust kjem ein så vidt inn i bjørkeskog, med innslag av høgstaudevegetasjon. Elles er det mest fjellheier. Det er mest lesideprega vegetasjon, men lokalt også litt rabbevegetasjon, særleg på dei mest eksponerte partia. Innunder nordvendte fjellsider er det også små parti med snøleiesamfunn, og på dei høgaste partia under turen 20. juli var det enno så vidt att nokre små snøflekkekar. Det er lite myr, men tendensar til rikmyr m.a. på nordsida av Hældalstinden. Dei kalkrike miljøa omfattar både vegetasjon på flatare, frisk mark, tørre eksponerte ryggar, beskytta nordvendt rasmark, bratte nordvendte berghamrar og sørvendte berghamrar (sistnemnde berre mot Gunnadalen).

*Kulturpåverknad:* Området er generelt lite påverka av inngrep. Det har vore eit gammalt kalkbrot i Gunnadalen, men dette har berre i avgrensa grad teke noko av dei blottlagte, kalkrike områda. Tidlegare har det opplagt vore ein del beite i området, og enno går det nok litt sau her.

*Artsfunn:* Området har noko av den mest artsrike fjellfloraen som er kjent i oseaniske område i Sør-Noreg. Berre Talstadhesten i Fræna kan visa til noko liknande, og fleire av fjellplantene i området rundt Hældalstinden-Blåfjellet er ikkje kjent frå Talstadhesten eller andre stader så langt ut på kysten. Av slike artar kan nemnast stivsilde og kastanjesiv. Stivsilde vart funnen tre stader her, og er eit plantegeografisk svært interessant funn, sjå nærare omtale hos Holtan & Gaarder (2003), medan kastanjesiv har berre eit kjent funn. I tillegg er nokre av plantane i området også generelt sjeldsynte i heile Sør-Norge. Dette gjeld særleg lappaugnetrøst, som veks sparsamt og spreidd i området. Av andre kravfulle og sjeldsynte artar kan nemnast fjellsnelle, fjell-lok, sotstorr, blankstorr, raudflangre, snøbakkestjerne, bekkesilde, grannsilde, norsk vintergrøn og linnmjølke. I tillegg kjem m.a. reinrose, bergstorr, svartstorr, hårstorr, gulstorr, loppestorr, raudsilde, gulsilde, jåblom, trillingsiv, tvillingsiv, taggbregne, fjellfrøstjerne, fjellkvitkurle, bergveronika, fjellveronika, rukkevier, bjønnbrodd, grønburkne, brudespore, fjellrundskolm, fjellbakkestjerne, grønkurle, særbustorr, flekkmure, fjellskrinneblom, bleikvier, snøsilde, brearve, trefingerurt, fjellbunke, musøyre, dverggråurt, tunarve, seterarve, rypestorr, fjellkvann, fjelltjæreblom, blåapp, fjellpryd, fjellrapp, kvitmjølke og vill-lin. Dei sjeldne mosane storraspmose *Lescuraea plicata*, stjernetornemose *Mnium stellare*, fjellhårstjerne *Syntrichia norvegica* og sigdstjernemose *Campylium chrysophyllum*, vart funne i området (MQ 13 75) av Malme (1971).

*Verdsetting:* Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at dette er eit stort og velutvikla kalkrikt fjellområde, med noko av den mest artsrike fjellvegetasjonen som er kjent frå kystnære område i Sør-Noreg. Ikkje minst er fleire regionalt og dels nasjonalt sjeldsynte artar funne her, som stivsilde og lappaugnetrøst.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane vil vere å la området få ligge i fred for ulike inngrep. Særleg større tekniske inngrep som kalkbrot og vegar vil vere svært uheldig.

## 25 Tjønn ved Hælen i Sandnestindane (kalksjø)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1551-25
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 136 755
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 490 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn/våtmark
<b>Naturtype:</b>	Kalksjøar
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Malme (1972), 24.07.1973 (Eie 1975)

### Områdeskildring

*Generelt:* Vatnet er namnlaust og ligg mellom fjella Gongrøra og Hælen i Sandnestindan. Det drenerer ned i Hældalsvatnet. Hydrografiske data: pH=6,4, K<sub>18</sub>=12,9, Ca=1,2 mg/l, Na=1,8 mg/l, Cl=4,1 mg/l.

*Vegetasjon:* Vatnet har kransalgevegetasjon (P5).

*Kulturpåverknad:* Ingen kjent.

*Artsfunn:* Vegetasjonen i innsjøen er delvis dominert av kransalgen *Nitella opaca*, og vatnet kan kanskje seiast å vera så nær ein kransalgesjø som ein kjem her i fylket, rett nok dominert av ein relativt vanleg kransalgeart. Eie (1975) har liste over småkrepsdyr herifrå: *Holopedium gibberum*, *Alonopsis elongata*, *Alona affinis*, *Alonella excisa*, *Alonella nana*, *Chydorus sphaericus*, *Acroperus harpae* og *Acanthocyclops vernalis*, alle vanlege artar.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B.

### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle.

## 26 Sandneset: nord for Tjørndalen (furuskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1551-26
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 132-136 764-765
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 160-240 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Gammal barskog
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Skogsdrift, fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Naturbasenummer 155118600, 20.07.1990, Korsmo & Svalastog (1997), 15.03.2003, GGa

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er eit skogområde i nordkant av Sandnestindane under Tjørndalen nær vestenden av Nåsavatnet. Lokaliteten er ein liten rest av intakt naturskog i eit distrikt med mykje skogsdrift. Trea er opp til rundt 200 år gamle. Avgrensingsforslaget til Korsmo & Svalastog (1997) er vesentleg redusert i samsvar med forslag frå G. Gaarder. Det nyavgrensa området er del delen av lia som synest å innehalda mest gadd og daud ved elles.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er typisk kystprega med mykje fattig røsslyng-blokkebærfuruskog, litt rikare blåbærfuruskog og innslag av den oseaniske utforminga av storbregnebjørkeskog. Det finst også myr.

*Kulturpåverknad:* Spor etter hogst for lang tid sidan (overgrodde stubbar). Det avgrensa området har nokre gaddar og sparsamt med læger.

*Artsfunn:* Ved MQ 1336 7650 har G. Gaarder funne den sjeldne og kravfulle skorpelaven *Arthonia arthonioides* som er kandidat til raudlista fordi han er knytt til gammal, fuktig skog. I bjørkeskog vart det funne grov nattfiol og i nokre rikare sig vart det funne svarttopp og breiull (Korsmo & Svalastog 1997, kan vera utanfor den nye avgrensinga).

*Verdsetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi han truleg ikkje tilfredsstillar kriteria til B.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå skogsdrift.

## 27 Oselva (viktig bekkedrag)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1551-27
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 128-139, 771-773
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 25-35 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn/våtmark
<b>Naturtype:</b>	Viktig bekkedrag
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, forureining
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	sist ca. 2002, Arnkjell Lindseth

### Områdeskildring

*Generelt:* Oselva renn frå Stormyra i Fræna forbi Sjurliia og ned i nordvestenden av Nåsavatnet. Her er avgrensa den delen som ligg ovanfor vegbrua og oppover mot kommunegrensa.

*Vegetasjon:* Ikkje undersøkt.

*Kulturpåverknad:* Dårlege data.

*Artsfunn:* Mest interessant er førekomsten av elvemusling som tidlegare fanst oppover frå brua og heilt over i Fræna. Elvemusling er sist sett ca. 2002 (kjelde: Arnkjell Lindseth).

*Verdsetting:* Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av førekomst av den sårbare og freda elvemuslingen.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og forureining. Elvemuslingen er freda og må få liggja i fred.

## 28 Ved Nåsavatnet: Sandneset (gammal lauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1551-28
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 156 764
<b>Høgd over havet:</b>	15-40 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Gammal lauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Skogsdrift
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	21.03.1998, GGa (Gaarder & Stenberg 2003, lok. 14), 17.12.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Området ligg på nedsida av eksisterande kraftline, på begge sider av vegen sør for Nåsavatnet. Det største og mest interessante partiet ligg mellom vegen og kraftlina. Miljøet er prega av spreidde store steinblokker (mange meter høge), med småvaksen og fuktig blandingsskog mellom.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er heller fattig, med mykje blåbærskog, men og rikare tendensar.

*Kulturpåverknad:* Bortsett frå kraftlina på oversida og vegen gjennom området er det lite spor av nyare inngrep her.

*Artsfunn:* Det ser i første rekkje ut til å vera lavfloraen som har interesse her. Denne er middels rik, men inneheld fleire kravfulle og sjeldsynte artar. Dette gjeld m.a. den aktuelle raudlistekandidaten *Arthonia arthonioides*, som veks spreidd på bjørkestammar som ligg att under steinblokker og ved basis av levande bjørketre. I tillegg er det ein del gammelgranlav *Lecanactis abietina* på bjørketrea. På gammal rogn og bjørk er *Thelotrema lepadinum* funnen. På gammal ved under steinblokker er også vortenål *Chaenotheca chlorella* påvist. Også steinblokkene har interessante artar, som skrukkelav *Platismatia norvegica*. På lauvtree finst elles fleire av dei vanlegaste artane i lungenever-samfunnet. Frå andre organismegrupper kan nemnast funn av blodkjuke *Gloeoporus taxicola* på daud, ståande furu. Lokaliteten har opplagt potensiale for fleire kravfulle lav, moser og sopp som trivst i fuktig, gammal og kystnær blandingsskog, også av raudlisteartar. I 2004 vart det notert nokre fuktikrevande moseartar som heimose, vengemose, storstyle og stripefoldmose.

*Verdsetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) sidan det her er ein ganske velutvikla fuktig lauvskog med innslag av fleire kravfulle, noko kystbundne lavartar.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane å la området får liggje mest muleg i fred og unngå inngrep, inkludert alle former for skogsdrift.

## 29 Ved Nåsavatnet: Storslettet (gammal lauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1551-29
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 160 757
<b>Høgd over havet:</b>	50-200 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Gammal lauvskog, høgstaudebjørkeskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Skogsdrift
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	27.02.2003, GGa, 11.05.2003, Kristian Hassel, Lars Söderstrøm, GGa, JBJ, (Gaarder & Stenberg 2003, lok. 13)

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ei nordvendt li med dels frodig bjørkeskog under Ramsgrøhammaren (sjå denne), der det også er innslag av noko selje, sparsamt med rogn, samt eit par almetre. Skogen er middelaldrande til gammal og har innslag av ungskog som følgje av skredaktivitet. Det er truleg dårleg kontinuitet i daudt trevirke i området, og også biologisk gamle tre opptre sparsamt (i første rekkje gamle seljer).

*Vegetasjon:* Det er mykje blåbærskog, men og noko rikare skog, m.a. fleire indikatorar på høgstaudeskog (enghumleblom, skogstjerneblom, mjødukt, div. storbregner).

*Kulturpåverknad:* Truleg noko påverka av hogst for ei tid tilbake.

*Artsfunn:* Interessante og kravfulle artar førekjem spreidd i området, uten å ha store konsentrasjonar. Av karplantar kan nemnast myske, junkerbregne og kystmaigull (den siste berre ein stad). Av lav førekjem dei vanlegaste artane i lungenever-samfunnet spreidd (lungenever, blåfiltlav, kystårenever, grynvreng), samt eitt funn av sølvnever på ei gammal selje. I tillegg finst litt gammelgranlav *Lecanactis abietina*. Av moser vart det gjort nokre funn av litt kravfulle artar som dronningmose, raudmuslingmose og heimose. Lokaliteten har noko potensiale for fleire kravfulle og kanskje også raudlista artar knytt til fuktig og gammal lauvskog på kysten.

*Verdsetting:* Lokaliteten får verdi viktig (B), sidan det er uvanleg med så kystnære, relativt gamle og intakte lauvskogar. Ingen spesielt kravfulle artar er hittil påvist, men det er eit potensiale for slike.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane å la området får liggje mest muleg i fred og unngå inngrep, inkludert alle former for skogsdrift. Eit nokså stabilt fuktig lokalklima inne i slutta skog er viktig for mange av dei kravfulle artane.

## 30 Ved Nåsavatnet: Ramsgrøhammaren (nordvendte kystberg)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1551-30
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 153-163 755-758
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 220-500 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Nordvendte kystberg
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjente
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	27.02.2003 GGa, 11.05.2003, Kristian Hassel, Lars Söderström, GGa, JBJ, (Gaarder & Stenberg 2003, lok. 12)

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ligg i ei nordvendt fjellsida på nordsida av fjellet Snipa, på sørsida av Nåsavatnet, og består av bratte nordvendte berghamrar med amfibolitt. Ei trong kløft går inn mot Klaven. Snø-, is- og steinsprang gjer at det dels er naturleg trelaust i kløfta og nedafor delar av bergveggane, men det er og parti med skog heilt inntil og til dels oppe i berget. Dei bratte, øvre delane av lokaliteten er meir eller mindre utilgjengeleg utan klatreutstyr. Det som her er avgrensa er i samsvar med lok. 12 hos Gaarder & Stenberg (2003) i austre del, men ein har trekt lokaliteten lenger vestover ut frå at det truleg er tilsvarende kvalitetar her, men utan at dette er undersøkt.

**Vegetasjon:** Under berga grensar lokaliteten til hovudsakeleg gammal bjørkeskog av oseanisk type. Ovanfor er det bergveggar og bergsprekker som dominerer saman med litt rasmark og berghyller med skog.

**Kulturråverknad:** Liten, ei kraftline går gjennom området.

**Artsfunn:** Størst interesse knyter seg til funn av torntvibladmose *Scapania nimbosa* (E=direkte truga på raudlista) i bergrota (jf. teikning framsida). Dette er ein av Norges mest sjeldsynte og truga mosearter som før hadde berre ein lokalitet i Skandinavia, i Sleppskardet i Fræna. Her vart han funnen i 1907, 1921 og 1931, og har nyleg vore ettersøkt og ikkje attfunnen (truleg pga. bergverksdrift), og i seinare tid vore rekna som utrydda i Skandinavia (Hassel m. fl. 2000). Ramsgrøhammaren er dermed den einaste kjende lokaliteten i Skandinavia for denne arten. Torntvibladmose er oseanisk (fuktkrevande) og verkar i Norge noko kalkkrevande. Globalt er han kjent berre frå Storbritannia, Irland, Himalaya og Kina. Ein bør forvente at arten veks fleire plassar på lokaliteten og t.d. høgare oppe i fjellsida av Ramsgrøhammaren, men dette kan først avklarast med nye vitjingar i sommerhalvåret. Også ei rad andre kravfulle og uvanlege moseartar veks her (dels oseaniske/fuktkrevande, dels kalkkrevande), m.a. heimose *Anastrepta orcadensis*, skjermose *Apometzgeria pubescens*, pelsåtemose *Campylopus atrovirens*, glanssåtemose *Campylopus schwarzii*, spindelrose *Cololejeunea calcarea*, fleinljåmose *Dicranodontium denudatum*, nøttemose *Diphygium foliosum*, dronningmose *Hookeria lucens*, grannkrekmose *Lepidozia pearsonii*, nervesvanemose *Meesia uliginosa* (ny for fylket), kystband *Metzgeria conjugata*, krusfellmose *Neckera crispa*, raudhaustmose *Orthothecium rufescens*, kalkvårrose *Pellia epiphylla*, nåleputemose *Plagiopus oederiana*, skortetvibladmose *Scapania gymnostomophila* (ny for fylket), fjordtvibladmose *Scapania nemorea*, prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides* (oseanisk art, nær den norske nordgrensa) og haleblygmose *Seligeria donniana* (ny for fylket). Karplantefloraen gjenspeglar den relativt rike berggrunnen med jamn førekomst av t.d. fjellsmelle oppover fjellsida. I tillegg er artar som gulsildre og raudsildre ganske vanlege, medan m.a. fjelltistel, svarttopp og svartstorr ser ut til å opptre meir spreidd (i tillegg bergfrue, dvergjamne, bjønnbrodd, loppestorr, bergstorr, tiriltunge, taggbregne, hårstorr, junkerbregne, kattedot, enghumleblom). Også grønburkne vart funne fleire stader. I tillegg vart kvitkurle påvist. Underarten er ukjend. I tillegg til eit middels utvikla element av kravfulle rasmarks- og fjellplanter er det og eit oseanisk innslag i floraen, uvanleg sterkt til å ligge så langt nord og inn frå kysten. Det vart gjort eit par funn av kystmaigull, eit av blåstorr, samt spreidd med loppestorr og raggtelg, og fleire stader forekom raudlistearten hinnebregne sparsamt ved rota av berget (m.a. rett under eksisterande kraftline). Arten er ikkje funne så langt inn frå kysten i regionen tidlegare, og er berre kjent frå ein handfull lokalitetar på Nordmøre. Arten veks også over 300 m o.h. oppe i kløfta, noko som er uvanleg høgt regionalt sett.

**Verdsetting:** Lokaliteten får verdi svært viktig (A) sidan fleire sjeldsynte og truga artar er påviste. Førekomsten av torntvibladmose gjer dette til ein av dei viktigaste lokalitetane i Møre og Romsdal for bevaring av biologisk mangfald i eit internasjonalt perspektiv. Avgrensninga må reknast som grov, da berre partia i austlege deler nær eksisterande kraftline er undersøkt. Særleg oppover i fjellsida og vestover er det uklårt kor langt det rikaste området går.

### Skjøtsel og omsyn

Det er svært viktig å la området få liggje i fred for inngrep. Særleg hogst og fysiske inngrep (bergbrot, dumping av lausmassar og stein) er uheldige.

## 31 Nåsavatnet (rik kulturlandskapssjø)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1551-31
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 15-19, 75-77
<b>Høgd over havet:</b>	10 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn/våtmark
<b>Naturtype:</b>	Rike kulturlandskapssjøar
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, forureining (verneområda i aust og vest, oppretta 27.05.88, avgrensar fysiske inngrep)
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Aspås & Bruun (2003), Folkestad (1978), Fylkesmannen i MR (1982), Faafeng et al. (1995), Haukebø & Eide (1986), Hvidsten (1981), Malme (1971), Malme (1972), Wold (1985), Wold (1987), Loen (1991), Dolmen (1991), Egon Dyrhaug (pers. medd.), 10.08.2004, JBJ, Naturbasenummer: 155106606

### Områdeskildring

*Generelt:* Nåsavatnet er eit stort vatn etter regionale forhold, nr. 13 i fylket i storleik med 3,96 km<sup>2</sup>. I låglandet er det berre Eikesdalsvatnet, Brusdalsvatnet, Fosterlågen og Engesetvatnet som er større. Det ligg vest for Eide sentrum.

Austre og vestre del av området er verna (Osen fuglefredingsområde i vest, Einsetvågen/Nåsavatnet fuglefredingsområde i aust). Her vert heile Nåsavatnet avgrensa og behandla som ein lokalitet, inklusive den delen av Oselva og sumpene der som inngår i verneområdet, og inkludert den delen av utløpsosen mot Vågsbø som ligg oppstrøms riksvegen. Dette er fordi ein innsjø er ein økologisk heilskap med felles miljøtilhøve og artsinventar, og må forvaltast som ein heilskap. Vasskvaliteten er god ifølgje Faafeng et al. (1995), men det er noko påverknad av forureining frå landbruk, bustader og bergverk, tilstandsklasse II. Største djupn er 24 m (kart hos Faafeng et al. 1995 s. 10), dvs. 14 meter under havnivå. Hekke-, beite- og overvintringsområde for vassfugl. Songsvaner, grasender og dykkender dominerer. Oppgang av laks og sjøaure. Nåsavatnet er kjent som eit bra fiskevatn, særleg for sjøaure.

*Vegetasjon:* Flyteblad- og langskotvegetasjon, viktig "tjønnaks-sjø" med 5 tjønnaksartar, mellom desse hjartetjønnaks. Nåsavatnet har takrør- og sjøsvaksfelt i utløpsosen, og takrøyr også i sumpene ved Oselva. Mest vassvegetasjon er det i utløpsområdet mellom Kallneset og riksvegen, men vassvegetasjon finst i størstedelen av vatnet, særleg på 1,5-2 m djup (Faafeng m. sl. 1995).

*Kulturpåverknad:* Grensar til jordbruksområde i nord og i søraust, vegar inntil vatnet fleire stader, avrenning frå jordbruksområde, tilførsel av kalkslam og sprengstoffrestar frå kalksteinsutvinning. Sprengstoffrestane inneheld nitrogen, og kan ha innverknad på innsjøen (Hovde & Vagstad 1993). Det er fleire stader registrert tjukke slamlag på botnen (kjelde: Arnkjell Lindseth).

*Artsfunn:* Kransalgar: mattglattkrans *Nitella opaca*. Mosar: vrangnøkkemose *Drepanocladus exannulatus*=*Warnstorfia exannulata* og kjølelvemose *Fontinalis antipyretica* (vanleg 1970, sjeldan 1994). Planter: amerikamjølke, botnegras, bukkeblad, dikevasshår, elvesnelle, evjesoleie, flaskestorr, flotgras, grastjønnaks, grøftesoleie, gulldusk, gytjeblererot, hjartetjønnaks (vanleg 1994, ikkje registrert av Malme 1972), klovasshår, krypsiv, kvit nøkkerose, mannasøtgras, mjukt brasmegras, myrhatt, myrmjølke, myrsauløk, nålesivaks, rusttjønnaks, ryllsiv, sjøsvaks (talrik også i 1970), småblererot, småtjønnaks, soleihov, stivt brasmegras, storblererot, sumpmaure, sumpsivaks, sylblad, takrøyr, tjønngras, trådsiv, trådstorr, tusenblad, vanleg tjønnaks, veikveronika og kanskje mellomblererot. Elvemusling (V=sårbar) finst intakt to stader i vatnet på Dyrhaugsida (kjelde: Egon Dyrhaug). Dolmen (1991) nemner ein uvanleg tegeart: buksvømmaren *Micronecta* sp., truleg *Micronecta poweri*. Fiskeartar: laks, regnbogeare, røye, sjøaure, trepigga stingsild, aure, ål. Elles ein allsidig fuglefauna som er årsak til dei to våtmarksreservata i vatnet.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit av dei best utvikla og mest artsrike lokalitetane i fylket av typen rike kulturlandskapssjøar, med m.a. førekomst av raudlistearten elvemusling. Vatn med fem tjønnaksartar, mellom desse den regionalt sjeldne hjartetjønnaks er og uvanleg, dette viser at vatnet tilhøyrer den truga typen tjønnaks-sjøar.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå forureining og fysiske inngrep i vatnet. Elvemuslingen er freda og må få liggja i fred. I dei to fredningsområda gjeld egne forskrifter.

## 32 Gunnadalen (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1551-32
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 157 746
<b>Høgd over havet:</b>	320 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 26.07.2003, GGa

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på søraustsida av Sandnestindane, i eit lite dalføre opp frå Fræneidet. Her er det ein liten rest av det som må ha vore ein liten seterstøl ein gong i tida. Lokalitetskildringa er skriven av Geir Gaarder.

*Vegetasjon:* Delar av dalføret er planta til med gran, medan det er bjørkeskog ovanfor det nedlagte steinbrotet. Rett på nedsida av steinbrotet er det noko trelause engsamfunn med preg av å vere urterike naturbeitemarkar.

*Kulturpåverknad:* Det går ein enkel anleggsveg opp til steinbrotet, og da i kanten av engene. I tillegg kjem granplantefelta inntil, som nok dels har vore lagt på beitemarka. Området vert beita av sau, og beitetrykket verkar ganske godt.

*Artsfunn:* Det vart ikkje funne spesielt sjeldsynte eller raudlista artar, men lokaliteten har klart potensiale for interessante beitemarkssopp. Ein raudlisteart – spiss vokssopp *Hygrocybe persistens* (DC) – vart funne på anleggsvegen litt nedanfor lokaliteten (MQ 1598 7454). Av karplanter på beitemarka kan nemnast harerug, smalkjempe, tepperot, finnskjøgg, fjellmarikåpe, kjertelaugnetrøst, blåklokke, aurikkelsvæve, engfrytle, storblåfjør, geitsvingel, tiriltunge, bråtestorr, kystmaure, kornstorr, lækjeveronika, engfiol, loppestorr, gulaks, dvergjamne, knegras, bergstorr og fjelltistel.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at dette er ei ganske velhevdta naturbeitemark. Den er rett nok lita og utan funn av raudlisteartar hittil, men potensialet for slike er godt.

#### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane vil vere å oppretthalda eit godt beitetrykk. Tekniske inngrep er generelt uheldige.

### 33 Gunnadalen (sørvendt berg og rasmark)

**Lokalitetsnummer:** 1551-33  
**Kartblad:** 1320 IV Eide  
**UTM (EUREF 89):** MQ 154 745  
**Høgde over havet:** ca. 400-450 m  
**Hovudnaturtype:** Rasmark, berg og kantkratt  
**Naturtype:** Sørvendt berg og rasmark  
**Prioritet:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Ingen kjende  
**Undersøkt/kjelder:** 26.07.2003, GGa

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på søraustsida av Sandnestindane, i Gunnadalen, eit lite dalføre opp frå Fræneidet. Staden ligg like under skoggrensa og er dominert av kalkrikt berg med litt ur nedanfor og småskog på kalk i overkant. Det rikaste området er ei nokså smal stripe (kanskje 100-150 meter lang og under 50 meter brei). Lokalitetskildringa er skriven av Geir Gaarder.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er rike berg, dels i slekt med reinrosehei, dels med kalkrike enger.

*Kulturpåverknad:* Liten, men streifbeiting av sau.

*Artsfunn:* Det vart funne ei rekkje kalkkrevande og dels uvanlege artar. Mest spesielle er funna av kalkfiol og sannsynlegvis lappaugnetrøst (ikkje kontrollbestemt av ekspert). Elles vart det funne taggbregne, gulsildre, fjellrapp, vill-lin, rundskolm, bergveronika, gulstorr, hårstorr, svarttopp, liljekonvall, grønburkne, raudflangre, reinrose, flekkmure, murburkne, fjellfrøstjerne, fjellbakkestjerne, akeleie, fjellsmelle, bergskrinneblom og svartstorr.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at dette er eit svært artsrikt, sørvendt kalkberg under skoggrensa. Lokaliteten er rett nok liten og utan funn av raudlisteartar hittil, men både kalkfiol og lappaugnetrøst er svært sjeldne artar. Kalkfiol har sine einaste veksestader i Sør-Noreg rundt Trollkyrkja i Fræna og Sandnestindane i Eide.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå tekniske inngrep.

### 34 Brandsetra (naturbeitemark)

**Lokalitetsnummer:** 1551-34  
**Kartblad:** 1320 IV Eide  
**UTM (EUREF 89):** MQ 163 742  
**Høgde over havet:** 80-100 m  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Naturbeitemark  
**Prioritet:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Opphøyr av beiting, fysiske inngrep

**Undersøkt/kjelder:** 02.10.1998, 26.07.2003, GGa

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg ved Brandsetra SV for Eide sentrum, ovanfor dyrkamarka og vest for anleggsvegen opp til det nedlagte steinbrotet i Gunnadalen.

*Vegetasjon:* M.a. frisk fattigeng (G4) og overgangar til kalkrike enger og rikmyr i kantsonene.

*Kulturpåverknad:* Framleis noko beita i 2003 (kjelde: G. Gaarder).

*Artsfunn:* Det vart funne seig vokssopp og skarlagenvokssopp. Av planter er det fleire basekrevande artar, m.a. vill-lin og skavgras i kantane mot anleggsvegen.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av lokaliteten kanskje ikkje oppfyller kriteria for B.

### Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør beitast også i framtida.

## 35 Vågsbølva/Sagelva (viktig bekkedrag)

**Lokalitetsnummer:** 1551-35

**Kartblad:** 1320 IV Eide

**UTM (EUREF 89):** MQ 196-202, 753-755

**Høgd over havet:** 0-10 m

**Hovudnaturtype:** Ferskvatn/våtmark

**Naturtype:** Viktig bekkedrag

**Prioritet:** A (svært viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, forureining (del av verneområde oppretta 27.05.88, avgrensar fysiske inngrep)

**Undersøkt/kjelder:** 14.10.2002 (Aspås & Bruun 2003), Dolmen (1991), Faafeng et al. (1995), Hvidsten (1981), Eide et al. (1989, 1992), Fylkesmannen i MR (1982), Naturbasenummer: del av 155106606

### Områdeskildring

*Generelt:* Sagelva er eit kort vassdrag (ca. 500 m) mellom Nåsavatnet og Einsetvågen, og er del av Einsetvågen/Nåsavatnet fuglefredningsområde. Elva går gradvis over i brakkvatn ved utløpet. Litt kantskogar med gråor.

*Vegetasjon:* I øvre del ved utløpet frå Nåsavatnet renn elva roleg med flyteblad- og langskotvegetasjon (P1, P2). Elles er det mest mosesjøbotn av elvemoseutforming (P6a).

*Kulturpåverknad:* Riksvegen kryssar elva, lokalveg på sørsida, dyrka mark på nordsida. Elva er lite påverka av næringstilsig lenger opp i vassdraget (Aspås & Bruun 2003).

*Artsfunn:* Viktig er bestanden av elvemusling som er taksert til minimum 63000 individ. Det vart også funne små muslingar ned til 9 mm (tilsvarar ca. 5 års alder), noko som viser at bestanden reproducerer seg, men berre 5,8% av bestanden var under 5 cm. Fiskeartar som går i elva er aure, sjøaure, laks, trepigga stingsild, skrubbeflyndre og ål. Av moseartar i elva er det funne rødmesigmose *Blindia acuta* og duskelvemose *Fontinalis dalecarlica* (Aspås & Bruun 2003). Elles ere begroingsorganismar registrerte. I skog langs elva er det funne ein raudlista soppart, grå trompetsopp *Pseudocraterellus undulatus* (DC=omsynskrevande) (Jordal 1993).

*Verdsetting:* Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av god bestand av den sårbare arten elvemusling.

### Skjøtsel og omsyn

Her gjeld forskriftene for reservatet. Det er viktig å unngå tilhøve som svekkar muslingane, slik som graving, forureining og aktivitetar som fører til langvarig slamtransport i elva. Elvemuslingane er freda og må få liggja i fred. Sagelva er prioritert i Fylkesdelplan for elveoslandskap.

## 36 Einsetvågen (brakkvasspoll, brakkvassdelta m.m.)

**Lokalitetsnummer:** 1551-36

**Kartblad:** 1320 IV Eide

**UTM (EUREF 89):** MQ 21 76

**Høgd over havet:** 0-2 m

**Hovudnaturtype:** Havstrand/kyst

**Naturtype:** Brakkvasspoll, undervassenger, grunne straumar, strandeng og strandsump

**Prioritet:** A (svært viktig)

**Mulege truslar:** Ingen kjende (del av våtmarksreservat verna 27.05.88)

**Undersøkt/kjelder:** Fylkesmannen i MR (1982), 28.08.1984, J.I.Holten (Holten m. fl. 1986b), del av Naturbasenummer: 155105911, 09.08.2004, JBJ

### Områdeskildring



*Generelt:* Lokaliteten er ein elvemunningsvåg ved utløpet av Vågsbølva/Sagelva og Einsetelva nær Eide sentrum. Lokaliteten er ein del av Einsetvågen/Nåsavatnet fuglefredningsområde. Det som her er avgrensa er identisk med fuglefredningsområdet frå utløpet av Vågsbølva (som er skildra som eigen lokalitet frå riksvegen til utløpet i Einsetvågen). I lokaliteten inngår brakkvasspollen Einsetvågen med Smibukta (ved Einset), straumen gjennom Holmsundet og indre del av Isingvågen med stradenger. Einsetvågen har brakkvatn med ei tidevassone som ser ut til å vera opptil 1 meter. Ved besøket i 2004 hadde overflatevatnet lite saltsmak. Utløpa av Vågsbølva og Einsetelva er og prioritert i fylkesdelplanen for elveoslandskap i Møre og Romsdal (godkjend av Miljøverndept. 10.03.95).

*Vegetasjon:* Einsetvågen er eit grunt sjøområde med litt ålegrasenger, omgjeve av strandenger. Vegetasjonen i vågen er elles dominert av grønalgar og brunalgar (truleg kaurtang). Smibukta (på sørsida av vegen til Einset) har undervassenger med ålegras og småhavgras, mykje grønalgar og litt tang. Også leirene i Isingvågen har ålegrasenger (A.O. Folkestad). Stor variasjon i vegetasjonstypar på strandeng, m.a. fjøresaltgraseng, saltsiveng, raudsvingel-tiriltunge-fjørekkoll-eng, strandstjerneforstrand, rustsivakseng, fjøresivakseng, fjørestorr-eng, pølstorr-pøl, taresaltgras-grusstrand, tangmeldevoll, kvekevoll og høgurt-fleirårsvoll (stemmer ikkje med typane hos Fremstad 1997, for fleire detaljar sjå Holten m. fl. 1986b).

*Kulturpåverknad:* Grensar til dyrka mark og vegar. Riksvegen til Gjemnes kryssar lokaliteten. Lokalveg på sørsida av lokaliteten. Naust, friluftaktivitetar i form av fiske og bading. Litt avfall.

*Artsfunn:* Artsrikt med 70 registrerte planteartar. M. a. pølstorr og engminneblom.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er del av eit stort, velutvikla, artsrikt og variert estuarieområde, med både brakkvasspoll, undervassenger, strandenger og ein grunn straum.

### Skjøtsel og omsyn

Her gjeld forskriftene for reservatet.

## 37 Svanvikmyra naturreservat (intakt låglandsmyr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1551-37
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 19-21, 74-75
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 15-25 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Intakt låglandsmyr, rikmyr, kjelde og kjeldebekk
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende (verna 13.12.96)
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	24.06.1975, AM (Moen 1984), Fylkesmannen i MR (1988), Naturbasenummer: 155106704

### Områdeskildring

*Generelt:* Svanvikmyra er verna som reservat, og avgrensinga er identisk med reservatgrensene. Lokaliteten ligg sør for Einsetvågen, og skrånar ned mot Vasskordsvatnet og Litlvatnet. Stort myrkompleks som vekslar mellom planmyr, flatmyr og tuebakkemyr. Planmyra er kraftig erodert. Det finst overgangstypar mot terrengdekkjande myr, samt kjelder. Myra grenser i sør og aust mot Vasskordsvatnet naturreservat, og utgjer det største intakte myrområdet i dette landskapet.

*Vegetasjon:* Ombrotrof tuvevegetasjon dominerer med m.a. røsslyng, torvull og gråmose. Nordvest i lokaliteten finst rikmyr, dels ekstremrik fastmattemyr.

*Kulturpåverknad:* Grensar til dyrka mark og vegar. I nord grensar lokaliteten til ei kraftline. Det er grøfta og planta gran heilt inntil kraftlina.

*Artsfunn:* Nordvest i lokaliteten finst svarttopp, blåsprett, breiull, bjønnbrodd, og den sjeldne og krevjande brunskjene. Elles loppesorr, kystmyrklekk, engstorr, grønstorr m.m.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit velutvikla og variert myrkompleks med innslag av intakt låglandsmyr, terrengdekkjande myr og rikmyr.

### Skjøtsel og omsyn

Her gjeld forskriftene for reservatet.

## 38 Vasskordvatnet naturreservat (rik kulturlandskapssjø, viktig bekkedrag)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1551-38
<b>Kartblad:</b>	1320 IV Eide
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 20-21 73-74
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 12-25 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Ferskvatn/våtmark
<b>Naturtype:</b>	Rike kulturlandskapssjøar, viktige bekkedrag
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)

**Mulege truslar:** Ingen kjende (del av våtmarksreservat verna 27.05.88)  
**Undersøkt/kjelder:** Folkestad (1978), Fylkesmannen i MR (1982), Hanssen (1932), Haukebø & Eide (1987), Hvidsten (1981), Malme (1971), Malme (1972), Urdal (1992), Naturbasenummer: 155106703, 17.12.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Vasskordvatnet ligg ved Vasskord sør for Eide sentrum. Det er eit todelt vatn med myrer på aust- og nordsida, skog i sørvest, og dyrka mark i sør og nordaust. Mykje hekkande vassfugl, særleg ender. Lokaliteten omfattar både ein del av Einsetelva/Bjerkneselva før ho renn inn i Vasskordvatnet, og den mest stilleflytande delen av Einsetelva som renn ut av vatnet. Oppgang av sjøaure og laks.

*Vegetasjon:* Austre del av vatnet har store belte av takrøyr og sjøsivaks. Elles flyteblad- og langskotvegetasjon.

*Kulturpåverknad:* Grensar til dyrka mark og vegar i aust og sør. Ei hytte og eit par naust i strandsona. Påverka av aktivitetar i jordbruksområda, m.a. avrenning.

*Artsfunn:* Mosar (Malme): vrangnøkkemose *Warnstorfia exannulata*, vassnøkkemose *Warnstorfia fluitans*, kjølelvemose *Fontinalis antipyretica*, vasstorvmose *Sphagnum cuspidatum*, fagertorvmose *Sphagnum pulchrum*, flotorvmose *Sphagnum inundatum*. Planter: botnegras, bukkeblad, dikevasshår, duskull, elvesnelle, flaskestorr, flotgras, grastjønna, grøftesoleie, gytjeblererot, klovasshår, krypsiv, kvit nøkkerose, mannasøtgras, mjukt brasmegras, myrhatt, rusttjønna, ryllsiv, sjøsivaks, småblærerot, soleihov, soleinykkerose, stivt brasmegras, storblærerot, sumpblærerot, sumpmaure, sumpsivaks, sylblad, takrøyr, trådstorr, tusenblad, vanleg tjønna. Fisk: laks, aure, røye, sjøaure, trepigga stingsild, ål. Ifølgje spørjeskjema innlevert frå kommunal innlandsfiskeremnd (ca. 1980) skal det finnast elvemusling i Einsetelva. A. O. Folkestad og Arnkjell Lindseth har sett elvemuslingar her på 1970-talet, og Ottar Ugelstad har sett muslingar så seint som midt på 1990-talet. Muslingane vart hardt beskatta rett etter 2. verdskrigen av ein skilde busette på Svanviken, og dette kan og ha skjedd seinare (kjelde: Ottar Ugelstad). Forekomstane skulle vera ca. 50-150 meter frå utløpsosen i Litjvatnet/Vasskordvatnet.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til A (svært viktig) først og fremst på grunn av forekomsten av elvemusling. Den øvrige ferskvassbiologiske variasjonsbreidda er også betydeleg i regional samanheng. Verdien som viltområde er ikkje vurdert her, men er og høg.

### Skjøtsel og omsyn

Her gjeld forskriftene for reservatet. Elvemuslingane er freda og må få liggja i fred.

## 39 Halåsetra (naturbeitemark)

**Lokalitetsnummer:** 1551-39  
**Kartblad:** 1320 IV Eide  
**UTM (EUREF 89):** MQ 179 728  
**Høgde over havet:** 200 m  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Naturbeitemark  
**Prioritet:** C (lokalt viktig)  
**Moglege truslar:** Attgroing, nedbygging  
**Undersøkt/kjelder:** 02.03.2003, GGa (Gaarder & Stenberg 2003, lok. 11)

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ei lita seter. Ho ligg i eit område med sur og fattig kystfuruskog og myr.

*Vegetasjon:* Også vegetasjonen på setra er prega av det sure og fuktige miljøet. Fragment av naturbeitemark med innslag av m.a. finnskjegg førekjem, men beitetrykket ser ut til å vere lågt og engpreget er i ferd med å forsvinna. Det er likevel fortsatt eit lite potensiale for å finne beitemarkssopp her.

*Kulturpåverknad:* Bygningsmassen har nyleg vorte restaurert, dårleg beitetrykk.

*Artsfunn:* Dårlege data.

*Verdsetting:* Lokaliteten verdi lokalt viktig (C) fordi han truleg ikkje tilfredsstillar kriteria for B.

### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg å auka beitetrykket noko, unngå gjødsling og ikkje utsette marka for fysiske inngrep.

## 40 Sorsetelva (viktig bekkedrag)

**Lokalitetsnummer:** 1551-40  
**Kartblad:** 1320 IV Eide  
**UTM (EUREF 89):** MQ 220-221, 749-751  
**Høgde over havet:** ca. 5-10 m  
**Hovudnaturtype:** Ferskvatn/våtmark  
**Naturtype:** Viktig bekkedrag  
**Prioritet:** B (viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, forureining  
**Undersøkt/kjelder:** ca. 1979/80, Bjarne Krekvik (pers. medd.)

### Områdeskildring

